



«Tematisk kommuneplan  
for  
kulturminne  
i  
Lesja kommune»  
(jf. plan- og bygningslova §§ 11-1 og 11-2)



Lesja kommune

Lesja kommunestyre, 26.09.2019

Vedlegg 1, Opplysingar om vegfar, kveldsseto Lesja historielag, 08.02.18.

Vedlegg 2 Opplysingar om bruer, kveldsseto Lesja historielag 08.02.18.

Vedlegg 3 Notat – krigsminne

Vedlegg 4 Notat – andre kulturminne

Vedlegg 5 Artiklar i Årboka fordelt på emne, pr. 22.05.18

Vedlegg 6 Synfaring Stuguflothen hotell 08.10.18 – oppsummering

Vedlegg 7 Drivingsveggar for beitedyr.

Vedlegg 8 Pilegrimsleia Valldal – Fokstugu



**Lesja kommune**



Lesja  
nasjonalparkkommune

Forsidefoto: Lesja kommune



## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Føreord .....                                     | 5  |
| 1 Innleiing .....                                 | 6  |
| 1.1 Bakgrunn for planarbeidet .....               | 6  |
| 1.2 Fokus for planarbeidet .....                  | 6  |
| 1.3 Kulturarv og friviljug innsats .....          | 7  |
| 1.4 Organisering og medverknad .....              | 8  |
| 1.5 Rammer for planarbeidet .....                 | 9  |
| 1.5.1 Forholdet til kommuneplanen for Lesja ..... | 9  |
| 1.5.2 Nasjonale og regionale føringar .....       | 9  |
| 2 Metodikk .....                                  | 12 |
| 3 Mål og strategiar .....                         | 14 |
| 3.1 Mål .....                                     | 14 |
| 3.2 Strategiar .....                              | 14 |
| 4 Kulturminne i Lesja .....                       | 15 |
| 4.1 Registrerte kulturminne i Askeladden .....    | 15 |
| 4.2 SEFRAK-registrerte .....                      | 16 |
| 4.3 Kulturminne knytt til samferdsel .....        | 17 |
| 4.3.1 Stigar .....                                | 17 |
| 4.3.2 Drivingsveggar for beitedyr .....           | 18 |
| 4.3.3 Pilegrimsleia Valldal - Nidaros .....       | 18 |
| 4.3.4 Gamle Kongeveg «Postveg» .....              | 18 |
| 4.3.5 Bruer .....                                 | 19 |
| 4.3.6 Skysstasjonar .....                         | 20 |
| 4.3.7 Raumabana .....                             | 20 |
| 4.4 Kulturminne knytt til andre verdskrig. ....   | 28 |
| 4.4.1 Stuguflothen hotell .....                   | 29 |
| 4.5 Lesja jernverk .....                          | 31 |
| 4.5.1 Gruvlie .....                               | 34 |
| 4.5.2 Kolmiler .....                              | 35 |
| 4.6 Gruveverksemd på Dalsida .....                | 36 |



|  |    |
|--|----|
| 4.7 Samiske kulturminne .....  | 37 |
| 4.8 Kulturminne knytt til jord- og skogbruk .....                              | 37 |
| 4.8.1 Lesjaleira .....   | 38 |
| 4.9 Tømmerfløyting .....   | 38 |
| 4.10 Jakt, fangst og fiske .....   | 38 |
| 4.10.1 «Villreinfangsten som verdensarv» .....                                 | 39 |
| 4.11 Industri .....  | 39 |
| 4.11.1 Lesjaverk gard .....  | 41 |
| 4.11.2 Lorkverna .....   | 46 |
| 4.11.3 Sagelva vasskraftsenter .....   | 48 |
| 4.12 Minnesmerkje .....  | 50 |
| 4.13 Buer i fjellet .....  | 55 |
| 4.14 Blakar .....  | 55 |
| 4.15 Kulturverninstitusjonar og -anlegg .....                                  | 56 |
| 4.16 Register over kulturminne omtalt i Lesja historielag sitt årsskrift ..... | 57 |
| 4.19 Skriftelege kjelder, foto, imatrielle kulturminne m.m. ....               | 58 |
| 5 Vekting av lokalt verneverdige kulturminne i Lesja .....                     | 62 |
| 6 Prioritering og handlingsprogram .....                                       | 64 |
| Kjelder .....  | 65 |
| Litteratur .....   | 65 |
| Vedlegg .....  | 66 |

## **Føreord**

Arbeidet med Tematisk kommuneplan for kulturminne i Lesja kommune er forankra i planprogrammet fastsett av Lesja kommunestyret 26.05.16, sak 41/16.

Plandokumentet har vore lagt ut til offentlig ettersyn i tida 09.04. – 15.06.2019.

Tematisk kommuneplan for kulturminne i Lesja kommune er godkjend i Lesja kommunestyre 26.09.2019

Lesja, den 26.09.2019

Mariann Skotte  
ordfører



## 1 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Lesja kommune har ein kulturvernplan frå 1995. I dei meir enn 20 åra som har gått har det skjedd ei stor utvikling i arbeidet med kulturminnevern når det gjeld kunnskap, forvaltning, informasjon og formidling. Tida er moden for å lage ein ny «*Tematisk kommuneplan for kulturminne for Lesja kommune*» (kulturminneplanen).

Riksantikvaren (RA) har etablert ei støtteordning for arbeide med kommunale kulturminneplanar. Lesja kommune har fått tildelt kr. 100.000,- til nye registreringar i samband med planarbeidet.

RA har i brev dagsett 26.03.15 sett slik mål for arbeidet med kommunale kulturminneplanar:

«*Mål*

*Arbeidet med kommunale kulturminneplaner skal være et virkemiddel for å sette kulturminner på den lokalpolitiske dagsorden og etablere en større grad av lokal forankring og medvirking i utvelgelsen av viktige kulturminner som skal søkes bevart. Kommunale kulturminneplaner skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative beslutninger i kommunen, skape forutsigbarhet for forvaltning, eiere og utbyggere og være et redskap for å synliggjøre kulturarven som ressurs.»*

I tildelingsbrevet, dagsett 09.04.15, skriv Oppland fylkeskommune m.a.:

«*Med bakgrunn i søknad med prosjektbeskrivelse bestiller Oppland fylkeskommune et arbeid med registreringer og utarbeiding av kulturminneplan, der vårt bidrag er kr. 100 000. Midlene er gitt av Riksantikvaren jfr. vedlagt brev.*

*Det stilles følgende vilkår:*

*- Verneverdige kulturminner skal legges inn i Askeladden*

...

*Kommunen skal ha oppdaterte oversikter/lister over verneverdige kulturminner i kommunen.*

*Verneverdige kulturminner og kulturmiljøer sikres i kommune(del)plan eller kulturminneplan som vedtas av kommunen. Listen over verneverdige kulturminner i kommunen skal være oppdatert og legges inn i Askeladden etter at planen er vedtatt.»*

### 1.2 Fokus for planarbeidet

Lesja kommunestyre har 26.05.16 fastsett planprogram for arbeidet med kulturminneplanen. Her er det sett eit fokus for arbeidet:

«*Det er eit ønskje frå saksbehandlarar og planleggarar at den nye kulturminneplanen skal kunne tas i bruk aktivt i deira arbeid. Vidare er ønskjelig frå kommunen si side å inkludere eit reiselivs-/ næringsutviklingsperspektiv i planen. Lesja kommune meiner at det er viktig å satse på kulturarv og kultur- og naturbasert næring, og vi ønskjer å legge til rette for en aktiv bruk av kulturminna i vår kommune gjennom kunnskap og gode opplevingar for lokalbefolkninga og tilreisande.*

*Kommunen ønskjer å konsentrere arbeidet om nyare tids kulturminne og kulturmiljø da det allereie er registrert ei rekkje førreformatoriske arkeologiske kulturminne i kommunen, både i form av*



busettingsspor i bygda og fangstminne i fjellet. Det meste av dette materialet ligg allereie inne i databasen Askeladden, og har allereie eit sterkt vern i kulturminnelova. Vi vil også forsøke å knytte lokale historier til kjente (og ukjente) kulturminner i bygda.

Våre hovudfokusområde er:

- Gjennomgang av SEFRAK-registrerte bygningar for å sjå kor mykje som står att. Vi ønskjer å sjå nærare på utvalde bygningar og bygningsmiljø, og vurdere om det er bygningar og/eller kulturmiljø frå etter 1900 som er særleg viktige å ta vare på.
- Kulturminne knytt til samferdsel, eksempelvis Raumabana med sine stasjonsanlegg og bruer.
- Gamle kongeveg. Eldre vegfar. Bruer. Skysstasjonar.
- Kulturminne knytt til andre verdskrig. Vi har mange spor etter krigen som er bør tas vare på før dei går tapt, og det er ein viktig del av lokalhistoria å formidle vidare til oppveksande generasjonar. Regjering, konge og kronprins reiste gjennom Lesja på vei ut av landet i april dagane 1940. Her tok dei inn på hotellet på Stuguflothen kor dei haldt statsråd og vedtok Notrashedtalen. Det blei rydda flyplass på Lesjaskogsvatnet, Bjorli stasjon blei bomba og brend ned, det var ei togulukke ved Knipstugu på Lesjaskog, og det var ei rekkje kampar og bombing i dalføret.
- Arkeologiske kulturminne
- Lesja jarnverk
- Kolmiler
- Samiske kulturminne
- Kulturminne etter nasjonale minoritetar.

Andre sentrale tema i den gamle kulturvernplanen er:

- Kulturminne knytt til jord- og skogbruk, mellom anna skigardar, vatningsanlegg, setring.
- Jakt og fangst.
- Industri, mellom anna seinbrot, gruvedrift, kverner, kraftstasjonar.
- Minnesmerke, mellom anna gravminne, bautasteinar.
- Lesja bygdemuseum»

### 1.3 Kulturarv og friviljug innsats

Oppslutninga om det friviljuge arbeidet for vern og vidareføring av kulturarven i Lesja er stor, og får mange uttrykk her.

Lesja historielag har mange og aktive medlemmar. Historielaget driv med dokumentasjon, restaurering, rekonstruksjon, formidling, kveldsseto, årsskrift og andre aktivitetar. Andre viktige lag er Dovre og Lesja krigsminnesamling, Brøste Stueflothen kulturlag og Eigarlaget for Lesja bygdemuseum.

Den munnlege overleveringa er framleis levande i Lesja. kva gjeld historie, handverk, jakt og fiske.

Stor friviljug innsats ligg bak fleire viktige visingsanlegg som t.d. Sagelva vasskraftsenter, Lesjaverk gard og Lorkverna. I dette biletet høyrer også Lesja bygdemuseum til.

Innbyggjarane i Lesja er såleis viktige kulturberarar, og heilt avgjerande for vidareføring og vern av kulturarven i bygda.



## 1.4 Organisering og medverknad

Etter dette har det blitt etablert ei referansegruppe med følgjande medlemmar:

- Oddvar Romundset, Lesja historielag
- Rolf Sørungård, Lesja historielag
- Håvard Syse, Gudbrandsdalsmusea
- Kjell Voldheim, Gudbrandsdalsmusea
- Rune Nørstegård, Lesja Dovre krigsminnesamling
- Runar Hole, arkeolog
- Einar Utgaard, Lesja bygdemuseum/eigarlaget
- Gunhild Høvik Hansen, Lesja kommune (t.o.m. sept. 2017)
- Anne Slettum, Lesja kommune (t.o.m. des. 2017)
- Trond Stensby, Lesja kommune (sekr.).

Referansegruppa har hatt 9 møte.

I tillegg er det arrangert eit ope møte om planarbeidet. Kommunen har delteke på ei kveldsete med Lesja historielag, der planarbeidet har vore tema.

Kommunen har delteke på årlege møte i nettverk for kommunale kulturminneplanar hjå Oppland fylkeskommune, samt eit eige møte med fylkeskommunen om Lesjaverk jernverk og Stuguflotten hotell. Det er gjennomført to synfaringar på Lesjaverk gard og ein på Stuguflotten hotell.

Kommunen har motteke kr. 100.000,- i tilskott frå Riksantikvaren til arbeidet med den tematisk kommunedelplanen for kulturminne. Midla har gått til tenestekjøp i samband med feltarbeid og registrering av kulturminne. Delar av synfaringar og feltarbeid er likevel utført på ideell basis med deltaking frå Dovre Lesja krigsminnesamling, Lesja historielag og ulike privatpersonar.

Gjennom feltarbeidet er det registrert ca. 150 nye kulturminne. Feltarbeidet er dokumentert i eit eige excel-ark, og tilrettelagd i to vedlegg til planen:

- 190225\_V3\_NOTAT\_krigsminne
- 190225\_V4\_NOTAT\_andre\_kulturminne.

Andre kunnskapskjelder som er grunnlag for planforslaget finn ein i følgjande vedlegg:

- 190225\_V1\_Opplysingar om vegfar, kveldsseto Lesja historielag, 08.02.18.
- 190225\_V2\_Opplysingar om bruer, kveldsseto Lesja historielag 08.02.18
- 190225\_V5\_Artiklar i Årboka fordelt på emne 22 mai
- 190225\_V6\_Synfaring Stueflotten hotell 08.10.18 - oppsummering
- 190225\_V7\_drivingsvegar\_beitedyr
- 190225\_V8\_pilegrimsleia.





## 1.5 Rammer for planarbeidet

### 1.5.1 Forholdet til kommuneplanen for Lesja

**Arealdelen til kommuneplan for Lesja** vart godkjend 19.12.13. Her er det eit eige kapittel om kulturminnevern i arealforvaltninga.

**Samfunnsdelen til kommuneplan for Lesja (2007)** tek opp følgjande som ei utfordring:

**«Ivareta vernehensyn og samfunnssikkerhet**

*Naturområdene og den lokale kulturen, kulturminner og kulturlandskapet danner grunnlaget for Lesjas identitet og attraksjon. Det er et stort potensial for verdiskaping i kombinasjonen "vern og bruk". Trygghet for menneske- og naturskapte farer og ulykkeshendelser må sikres.»*

*Vidare er det her vist til: «Aktivt lokalt kulturliv tuftet på egenart, tradisjoner og kulturminner så vel som nyskaping skaper identitet og gir verdiskaping langt ut over pengeverdi.»*

For «Kulturminner og museum» er formulert følgjande hovudmål i samfunnsdelen til kommuneplan for Lesja:

- *«Kommunen skal aktivt bidra til sterkere synliggjøring av bygdas tradisjoner og utnyttelse av bygdas kulturminner, kultur- og naturstier innbefattet.*
- *Det legges dertil vekt på å videreutvikle området Lesja sentrum - Bygdatunet – kirkas kvaliteter, og gjøre dette kjerneområdet til et knutepunkt for kultur- og naturbasert næringsliv.»*

### 1.5.2 Nasjonale og regionale føringar

#### **Kulturminnelova**

Det går fram av kulturminnelova § 1: *«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.»*

Definisjon av kulturminne går fram av § 2: *«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*

*Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.*

*Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.»*

Alle lause og faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Det same gjeld ståande bygg frå før 1650, mynter frå før 1650, samiske kulturminne eldre enn 100 år, samt skip/båtar eldre enn 100 år.



Kommunen er ikkje forvaltningsstyresmakt etter kulturminnelova, men har likevel visse rettar og plikter i samband med fredingssaker og søknader om tiltak m.m. Ved funn av kulturminne følgjer det både varslings- og utgreiingsplikt av ulike føresegner i lova.

### **Plan- og bygningslova**

Kommunen er plan- og bygningsstyresmakt etter lova. Det går fram av § 1 i plan- og bygningslova at planlegging og saksbehandling skal legg til rette for «bruk og vern av ressurser». Kulturminne er vidare nemnd som eit eige omsyn i både kap. 11 Kommuneplan og kap. 12 Reguleringsplan.

### **Riksantikvaren sin rettleiar Kulturminner i kommunen – Kulturminneplan**

Riksantikvaren rår til at det blir utarbeidd kommunedelplanar for kulturminne i kommunen, og viser m.a. til: «*En kommunedelplan for kulturminner vil sette kulturminner og kulturmiljø på den politiske dagsorden og bør bli innarbeidet i større deler av kommunens virksomhet, fra plan- og byggesak, til eiendomsforvaltning, skole og undervisning, næring, samferdsel m.m.*»

Rettleiaren kjem elles med råd og føringar for planprosess og framstilling av planen.

### **St. meld. 16 (2004-2005) - Leve med kulturminner**

I stortingsmeldinga er det m.a. lagt vekt på styrking av plan- og bygningslova som verkemiddel på kulturminnefeltet, og det heiter m.a.:

«*Hovedutfordringer*

*Regjeringen legger vekt på at kulturminner, kulturmiljøer og kulturlandskap gis økt oppmerksomhet i de kommunale planprosessene og i den enkelte byggesak. Kommuneplaner og kommunedelplaner som klargjør kulturminne- og kulturmiljøverdiene gir økt forutsigbarhet når det gjelder hvilke hensyn forvaltningen og tiltakshavere må ta i reguleringsplaner og utbyggingsprosjekter.»*

### **St.prp. 1 2015/2016 (Statsbudsjettet)**

I statsbudsjettet er det formulert nasjonale mål for kulturminnefeltet:

Nasjonale mål:

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.
- Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

### **Oppland fylkeskommune – kulturstrategi, høyringsforslag hausten 2015**

Fylkeskommunen omtaler kulturarven i Oppland slik: «*Innen kulturarv har fylket mange og tunge kompetansemiljøer blant annet i museumssektoren. I tillegg bidrar feltet til turist – og besøksnæringene og det finnes et stort potensiale for å bruke kulturarven mer aktivt i produktutvikling, merkevarebygging og markedsføring. Kulturarvens betydning for innbyggernes tilhørighet, identitet og aktivitet har også betydning for steders attraktivitet.*»

Under strategiske mål er det poengtert følgjande:

«*3.4 Tydelig oppfølging av kulturarvsområdet.*»



**Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen** har i sin handlingsplan for 2015 definert kulturarv som ein viktig verdi for nasjonalparkkommunane.

**Verneområde**

Vern av kulturminne er ein del av verneføremålet for nasjonalparkane (Dovrefjell-Sunndalsfjella; Reinheimen) og landskapsvernområda (Jora; Dalsida; Lordalen).



## 2 Metodikk

Kommunen skal etablere eit datasett med lokalt viktige kulturminne. Dei ulike kulturminne skal bli verdsett og verdivekta (tabell 1) etter ein rettleiar utarbeidd av Riksantikvaren.

Verdisetting skal skje etter tre kategoriar:

- Kunnskap
- Oppleving
- Bruk.

Til kvar kategori skal det knytast ulike eigenskapar:

- Alder, tidsdybde og kontinuitet
- Autentisitet og opprinnelighet
- Mangfold og variasjon
- Sammenheng og helhet
- Dynamikk og endring
- Brudd og kontrast
- Lesbarhet og tydelighet
- Egnethet
- Anvendbarhet
- Sårbarhet og tålegrenser
- Interaksjon natur-kultur

Samanlikning med andre kulturminne

- Opprinnelig sjeldent, sjeldent ved tilfeldig eller planmessig utvalg
- Representativt for noe som er vanlig nå eller noe som var vanlig før.



Tabell 1. Vekting av kulturminne etter RA sin rettleiar.

| Vekting  | Liten verdi | Middels verdi | Stor verdi | Svært stor verdi |
|--|-------------|---------------|------------|------------------|
| - Kulturminnet representerer faser med særlig betydning for historien/utviklingen  |             |               |            |                  |
| - Kulturminnet er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien  |             |               |            |                  |
| - Kulturminnet er knyttet til hendelser eller begivenheter med særlig betydning for historien  |             |               |            |                  |
| - Kulturminnet er knyttet til personer med særlig betydning for historien  |             |               |            |                  |
| - Kulturminnet er av særlig betydning for en eller flere etniske grupper (den samiske urbefolkningen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)<br>- Kulturminnet har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi |             |               |            |                  |
| - Kulturminnet har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlig kilder   |             |               |            |                  |
| - Kulturminnet har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping  |             |               |            |                  |
| - Kulturminnets alder og type utløser juridiske virkemidler på nasjonalt plan, se kulturminneloven   |             |               |            |                  |



## 3 Mål og strategiar

### 3.1 Mål

Lesja sitt rike tilfang av kulturminne skal sikrast for framtida som ein verdi i seg sjølv, og som ein ressurs for kunnskap, identitet, formidling og næringsutvikling.

### 3.2 Strategiar

1. Lesja kommune skal i samarbeide med lokale kulturminneaktørar leggje til rette for ei vidareføring av det aktive kulturinnearbeidet som skjer på Lesja. Viktige aktørar er Gudbrandsdalsmusea, Lesja historielag, Brøste Stueflotten kulturlag, Dovre Lesja krigsminnesamling, Lesja fjellstyre, grunneigar- og grendelag.
2. Lesja kommune skal i sitt arbeid med kulturminne ha eit aktiv samarbeid med overordna styresmakter, som Riksantikvaren og Oppland fylkeskommune / Innlandet fylkeskommune.
3. I planperioden skal kommunen prioritere arbeidet med krigsminne, industriminne, samferdselsminne og digitalisering av skriftleg kjelder.
4. I større grad blir nytta digitale formidlingsformer ved tilrettelegging av kulturminne for publikum.
5. Tilrettelegging av freda kulturminne for publikum må skje i samråd med fylkeskommunen.




## 4 Kulturminne i Lesja

### 4.1 Registrerte kulturminne i Askeladden

I Askeladden er det registrert 817 kulturminnelokalitetar og 1164 enkeltminne. I tabell 2 og 3 er det vist fordeling av objekt på ulike kulturminnekategoriar.

Tabell 2 og 3, jf. figur 1 viser at det i all hovudsak er arkeologiske kulturminne som er registrert. I tillegg er data samla inn av NINA overført til Oppland fylkeskommune.

I 2006 var Aursjømagasinet tappa ned p.g.a. vedlikehaldsarbeid på dammen. I samband med dette vart det gjennomført eit stort og intensivt registreringsarbeid i reguleringssona. Dette gav eit stort tilfang av nye arkeologiske kulturminne. Størst merksemd fekk funnet av ein samisk buplass ved Geitåa sitt utløp i Aursjøen på Dalsida. Arbeidet er dokumentert i ulike rapportar.



Figur 1. Førekomst av kulturminnelokalitetar og enkeltminne i Lesja, registrert i Askeladden.

Tabell 2. Fordeling av kulturminnelokalitetar i Lesja på ulike kategoriar.

| Kode    | Tekst                                | På tal |
|---------|--------------------------------------|--------|
| - L-ARK | - Arkeologisk lokalitet              | 792    |
| - L-BVF | - Lokalitet bebyggelse/infrastruktur | 19     |
| - L-KRK | - Kirkested                          | 6      |




Tabell 3. Fordeling av enkeltminne i Lesja på ulike kategoriar.

| Kode    | Tekst                                     | På tal |
|---------|---|--------|
| - E-ARK | - Arkeologisk enkeltminne (L-ARK)         | 1137   |
| - E-BYG | - Enkeltminne bygning (L-BVF)             | 18     |
| - E-TEK | - Teknisk/industrielt enkeltminne (L-BVF) | 1      |
| - E-BER | - Enkeltminne bergkunst (L-ARK)           | 2      |
| - E-KRK | - Enkeltminne kirke (L-KRK)               | 5      |
| - E-RUI | - Enkeltminne ruin (L-ARK)                | 0      |
| - E-FAR | - Enkeltminne fartøy (L-ARK og L-BVF)     | 0      |
| - E-MAR | - Enkeltminne under vann (L-ARK og L-BVF) | 1      |
| - E-UTE | - Enkeltminne utomhus (L-BVF)             | 0      |

## 4.2 SEFRAK-registrerte

Det er 1533 SEFRAK-registrerte bygningar i Lesja. Ei GIS-analyse viser at det er god dekningsgrad på kartlegging av SEFRAK-objekt i Lesja. Både hovuddalføret og sæterdalane på Dalsida og i Lordalen er registrert. (Sjå figur 2 og tabell 4)



Figur 2. SEFRAK-registrerte bygningar i Lesja kommune.





Tabell 4. SEFRAK-bygningar på tal, sortert etter bygningstype

| Bygningstype                          | På tal      |
|---------------------------------------|-------------|
| 111 – Enebolig                        | 14          |
| 113 - Våningshus                      | 235         |
| 121 – Tomannsbolig, vertikaldelt      | 1           |
| 124 – Tomannsbolig, horisontaldelt    | 5           |
| 161 – Fritidsbygg (hyttersommerh. ol) | 63          |
| 163 – Våningsh. Benyttes som fritids  | 1           |
| 171 – Seterhus sel rorbu o.l.         | 293         |
| 181 - Garasjeuthus anneks til bolig   | 6           |
| 182 – Garasjeuth.anneks til fritidb   | 11          |
| 219 – Annen industribygning           | 1           |
| 232 – Kjøle                           | 1           |
| 233 – Silobygning                     | 1           |
| 241 – Hus for dyr/landbr.lager/silo   | 222         |
| 249 – Annen landbruksbygning          | 665         |
| 524 – Camping/utleiehytte             | 3           |
| 619 – Annen skolebygning              | 2           |
| 649 – Annen museum/biblioteksbygning  | 6           |
| 662 – Samfunnshus grendehus           | 1           |
| 669 – Annet kulturhus                 | 1           |
| 671 – Kirke kapell                    | 1           |
| <b>Sum</b>                            | <b>1533</b> |

SEFRAK-registeret vart etablert på 1970-talet, med god dekningsgrad. I tida som har gått kan mange bygningar likvel ha blitt rive, seld eller borte på anna vis.

### 4.3 Kulturminne knytt til samferdsel

Ferdsl til fots og med ride- og kløvdyr har vore den vanlegaste ferdselforma gjennom Lesja si historie. Det er fyrst i dei siste 50-100 åra at ferdsel med motoriserte køyrety har vorte vanleg.

#### 4.3.1 Stigar

Dei eldste og fleste spora etter ferdsel i Lesja er stigar i utmark. Stigane i utmarka er kulturminne som dokumenterer både ferdselsform og ferdselsmønster. Fjellet var den mest lettvinde vegen å fare. Dei flesta av stigane har vore viktige for lokal ferdsel. Men enkelte stigar er kjende for å ha vore regionalt/nasjonalt viktige. Døme på dette er:

- Løvegen, ein stig som går mellom Ottadalen og Lesja, forbi Aursjoen og Aukarsvatnet.
  - Det er og kjend ei rute gjennom Vesleskardet.
- Gamle Slådalsvegen mellom Lesja og Vågå.
- Lesja – Oppdal, Skamsdalen, Lesjøtelet.
- Lesjaskog – Eikesdalen, Gravdalen.
- Kløvveg frå Lesjaverk til Eikesdalen, langs Langtjønnet.
- Lesja - Sunndalen, Øksendalen. Telet, Grøvudalen. Litj-Grøvudalen.
- Ferdselveg til og frå Sunnmøre gjennom Brøstdalen.

På ei kveldsseto med Lesja historielag 08.02.18 kom det fram opplysingar om ulike stigar i Lesja, i alt ca. 15 objekt. Ei oversikt over innspela er vist i vedlegg 1. Vidare vart det opplyst at det i tidlegare tider var grunder på vegane ved alle skifteshaffeller. Desse vart tekne ut om vinteren.




#### 4.3.2 Drivingsveggar for beitedyr

I tidlegare tider vart beitedyra sleppt frå den enkelte gard til utmark, eller drivne vidare til dei setrane som høyrde gardane til. I beitebruksplanen for Lesja (2000) er det registrert og kartfesta kjende drivingsveggar for beitedyr og setervegar. I alt er det registrert 113 objekt. (vedlegg 7)

#### 4.3.3 Pilegrimsleia Valldal - Nidaros

I dei seinare åra har sentrale styresmakter gjennomført prosjekt knytt til dei gamle pilegrimsleiane. Bakgrunnen for dette er den sentral plassen Heilag Olav har i norsk og til dels europeisk historie. Også gjennom Lesja er det no etablert ei pilegrimslei. Det er godt dokumentert at folk i tidlegare tider gjennomført pilegrimsreiser til Nidaros. Men traseane som er lagt i dei nye pilegrimsprosjektet er truleg av meir spekulativ art. Dei er likevel representative for den gamle tradisjonen med pilegrimsreiser, så også med pilegrimsleia frå Valldal til Fokstugu (og Nidaros) som går gjennom Lesja. (vedlegg 8).

Olavskjelder er ei særmerkt gruppe kulturminne knytt til Heilag Olav. Kjeldene er som regel oppkomer, og skal ha helande kraft. Enkelte kjelder kan og vera knytt til førkristen tru. (<https://no.wikipedia.org/wiki/Olavskilder>). Ved Valtuva ved Sandom aust for Lesjaverk finn ein ei slik Olavskjelde. (Dahl, 2014. Lesja historielag), sjå figur 3.



Figur 3. Faksimile Lesja historielag årsskrift, Olavskjelda ved Valtuva, aust for Lesjaverk. (Foto: Hans Jacob Dahl)

#### 4.3.4 Gamle Kongeveg «Postveg»

«Gamle Kongeveg» er sagt å vera ei nyare nemning på ein fleire hundre år gamal, ålmen ferdselsveg mellom Dovre og Åndalsnes. Det er opplyst at vegen vart opna for hjulgåande doningar frå slutten av 1700-talet. I dager er det spor etter vegen ved Lesjaverk, på Bjorli og i Rånå. (lokalhistoriewiki.no). Denne vegen vart nok helst kalla «Romsdalsvegen», og den var ein hovudveg mellom Aust- og Vestlandet.

Etter som denne overgangen mellom landsdelane ikkje går over skoggrensa, var traseen betre enn mange andre fjellovergangar lenger sør. Ferdsla over her er derfor sikkert mange hundre år gamal, men samanhengande veg for hjulkøyretøy kom nok ikkje før i siste del av 1700-talet.



Det er ikkje så mange stader gjennom bygda at vegen er synleg lenger. Lengste strekket finn ein nok mellom Mosenden og jernverket. Dette er lagt til rette som sykkel- og fotsti med informasjonstavler. Også eit mindre stykke mellom verket og Knipstugu har denne gamlevegen som sykkelveg.

Frå Skarphol til Olderløkken – omtale.

Frå Rolstadleira til Bottemsbrue – omtale. Strandkanten på Lesjavatnet.

Mellom Holllåk og Nyhagen syner det på gjerdet kor vegen gjekk.

Ved vegen ikkje langt frå jernverket ligg elles eit merkeleg naturfenomen, Skåpårtjønne.

På folkemunne er det opplyst at det var ein eldre rideveg gjennom Lesja, som låg høgare oppe i lia enn «Postvegen». M.a synleg ved Aurtande og ved Einbu.

#### 4.3.5 Bruer

I tidlegare tider var nok ferdsla meir tungvin og tidkrevjande. For å sleppe lange omkøyringsvegar vart talet på bruer deretter. Audun Høgbrenna har omtalt det stor talet på bruer, både mellom Lesjaverk og Lora, og på Lesjaleira. Høgbrenna (1999) skriv: «*Frå Bonkvennhusbrua ved Morkagardane i Lesjaverk, og sørover til Sønstebø, var det i 1950-åra heile 34 bruer på ei strekning på vel 30 km,...*»

På ei kveldsseto med Lesja historielag 08.02.18 kom det fram opplysingar om ulike bruer som har vore over Lågen i Lesja. Ei oversikt over innspela er vist i vedlegg 2, i alt ca. 20 objekt.



Figur 4. Restar etter utleggsbrua over Rauma, ved Sjøheimberget. (Foto: Lesja kommune)

For jernbanebruer, sjå kap. 4.3.7.



#### 4.3.6 Skysstasjonar

Ei reise som vi i dag gjer unna på eit par timar, tok i tidlegare tider fleire dagsreiser. Det var såleis behov for skysstasjonar langs dei ulike reiserutene. I ei bok av Arnfinn Engen frå 2009, «Skysstell og skysstasjonar i Gudbrandsdalen», er det omtalt fem skysstasjonar i Lesja.

Skysstasjonane var dei tidlegaste formene for reiseliv i Lesja. Stasjonane fekk til dels god omtale, t.d. frå Thomas Bennett i 1882, som skreiv om Lesjaverk: «*Godt nattekvarter og svært gjestmilde folk. God mat og vin, og rimelege prisar...*» (Engen, 2009)

##### **Bjorli**

Frå 1714 er det gjestegiveri i Nystuen. Her blir det fast skysstasjon frå 14.10.1852. Frå 1.9.1864 vart skysstasjonen på Bjorli lagt til Stuguflothen (Engen, 2009)

##### **Lesjaskog**

Frå sist på 1700-talet er det kjend at det var gjestegiveri på Mølmen. Frå 14.10.1852 fekk dei fast kontrakt som skysstasjon. Skysstasjonen vart nedlagd 1.1.1923. (Engen, 2009)

##### **Lesjaverk**

Lesjaverk gard har truleg vore skysstasjon sidan etablering av jernverket på 1660-talet, og i alle fall frå ut på 1700-talet. Lesjaverk gard fekk kontrakt om fast skysstasjon 14.10.1852. Skysstasjonen vart nedlagd 1.1.1923. (Engen, 2009)

##### **Lora**

Hoset fekk i løyve til å «holde gjæstegiveri» i 1836. Det var fast skysstasjon frå 24.06.1852. Skysstasjonen vart nedlagd 1.1.1923. (Engen, 2009)

##### **Lesja**

På Lesja var det skysstasjon på «Bottem» frå tidleg på 1700-talet. Denne vart seinare flytta til Nørstebø. Frå 1830-talet er det etablert skysstasjon på Holaker, med kontrakt frå 24.06.1852. På Holaker var det skysstasjon fram til 1913, då den vart flytta til Holsbrekka. Skysstasjonen vart nedlagd 1.1.1923. (Engen, 2009)

#### 4.3.7 Raumabana

Raumabana vart opna for mellombels trafikk Dombås – Bjorli i 1921, og for alminneleg drift Dombås – Åndalsnes frå 1924. (Rauma kulturstyre, 1994)

##### **Stuguflothen bru**

Stuguflothen bru er ei bru over Rauma, på grensa mot Rauma kommune. Brua er bygt som steinkvelvbru i tida 1919 – 1923, med eit hovudkvelv på 30 m og eit mindre kvelv på 10,6 m. Fri høgde ved flomvasstand er sagt å vera 9 m. Den samla byggekostnaden var på kr. 407.997,57. (Rauma kulturstyre, 1994) (Figur 5).

Under 2. verdskrigen gjorde motstandsørsla eit forsøk på å sprengje brua i ein sabotasjeaksjon.




1922. Foto: H. Joramo.  
*Stuguflåten bru. Stilaset under riving. Det ser ut som man er kommet et stykke bort på  
brua med skinneleggingen. Og da skulle bildet skrive seg fra høsten 1922.  
Stilaset ble revet i tiden august – november 1922. De brukte materialer ble anvendt  
for den vesentligste del til permanente omforbygninger.*

Figur 5. Faksimile Stuguflotten bru. (Rauma kulturstyre, 1994)



### Bøverbrua

Bøverbrua er ei bru over Rauma, nord for Bjorlistasjon. Brua er bygt som ei fagverksbru (hengverk) i stål, i tida 1918 - 1922. Teoretisk spenn er 42 m. (*Rauma kulturstyre, 1994*) (Figur 6)



Figur 6. Faksimile Bøverbrua. (*Rauma kulturstyre, 1994*)

### Bjorli stasjon

Bjorli stasjon vart bygt i perioden 1918 – 1921. Stasjonen hadde kryssningsspor, lastespor og svingskive.

Bjorli stasjon fekk i 1920-åra ein stor restaurant med plass til 700 spisegjester. Restauranten var sommaropen, og hovudmålgruppa var cruisegjester i anløp på Åndalsnes. Restauranten vart bomba under 2. verdskrigen, og ikkje bygt opp att. (*Rauma kulturstyre, 1994*)


Bjorli stasjon var den siste stasjonen på Raumabanen som var i drift. (Figur 7)



Figur 7. Faksimile Bjorli stasjon med jernbanerestauranten. Foto: Anders Beer Wilse/Norsk jernbanemuseum.

### Vasstårnet på Bjorli

Vasstårnet vart bygt like ved søre enden av Bjorli stasjon, utanfor sporvekselen. Terrenget rundt er flatt, så vasstårnet vart bygt med pumpestasjon frå Rauma. Pumpehuset vart lagt på vestsida av jernbanelina, ca. 140 m sør for vasstårnet. Ferdigstilt i desember 1921. (Rauma kulturstyre, 1994) (Figur 8)



11. mai 1994. Foto: Marianne Ramskeid. Vasstårnet på Eiorli holder seg like godt vel 70 år etter oppførelsen.

Figur 8. Faksimile vasstårnet ved Bjorli stasjon. (Rauma kulturstyre, 1994)



### Lesjaskog stasjon

Lesjaskog stasjon vart bygt i perioden 1918 – 1921. Stasjonen hadde krysningsspor og lastespor. Stasjonen vart rive i samband med vegomlegging i 1988/-89. (*Rauma kulturstyre, 1994*) (Figur 9)



Figur 9. Faksimile Lesjaskog stasjon. (*Rauma kulturstyre, 1994*)

### Mølmsåe

Mølmsåe kan koma med masseførande flom. Det vart derfor lagt eit kunstig sideløp til Mølmsåe for å førebygge skader på brua over åa. (*Rauma kulturstyre, 1994*)

### Sørsletten avdelingskontor

Jernbanen hadde eit avdelingskontor på garden Sørsletten, under anleggstida. (*Rauma kulturstyre, 1994*)

### Lesjaverk stasjon

Lesjaverk stasjon vart bygt i perioden 1918 – 1921. Stasjonen hadde krysningsspor og lastespor. Stasjonen vart opna 21.11.24? som stasjon, og vart ubetjent stoppestad frå 1970. (*Rauma kulturstyre, 1994*) (Figur 10)



Figur 10. Faksimile Lesjaverk stasjon. (*Rauma kulturstyre, 1994*)





### Lora stasjon


Lora stasjon vart bygt i perioden 1917 – 1921. Stasjonen hadde kryssningsspor og lastespor. Stasjonen vart opna 21.11.21, og vart ubetjent stoppestad frå 1970. (*Rauma kulturstyre, 1994*) (Figur 11)



Figur 11. Faksimile Lora stasjon. (*Rauma kulturstyre, 1994*)

### Lesja stasjon

Lesja stasjon vart bygt i perioden 1917 – 1921. Stasjonen hadde kryssningsspor og lastespor. Stasjonen vart opna 21.11.21, og vart nedlagt i 1990. (*Rauma kulturstyre, 1994*) (Figur 12)



Figur 12. Faksimile Lesja stasjon. (*Rauma kulturstyre, 1994*)



### Sidespor ved Aura

I samband med anleggsarbeid drive av tyskarane under krigen (1941-44) vart det bygt eit sidespor til Raumabana ved Aura. Sidesporet var eit par hundre meter langt.

### Bottheim stasjon

Bottheim stasjon vart bygt i perioden 1917 – 1921. Stasjonen hadde lastespor, men ikkje kryssingspor. Stasjonen vart opna 21.11.21, stoppestad frå 1924. Stasjonsbygningen er no rive. (Rauma kulturstyre, 1994) (Figur 13)




Bottheim stasjon. Revet. Bildet er utlånt av NSB Jernbanemuseet.

Figur 13. Faksimile Bottheim stasjon. (Rauma kulturstyre, 1994)

### Jora bru

Jora er grense mellom Lesja og Dovre kommunar. Over Jora vart det bygt ei jernbanebru i perioden 1912 – 1919. Brua er ei steinkvelvbru, 85,4 m lang, med hovudspenn på 54 m., og fri høgde over Jora er overslagsvis 33 m. Den samla byggekostnaden var på kr. 250.343,66. (Rauma kulturstyre, 1994) (Figur 14)



Jorabrua. Foto: H. Joramo. Umulig å tidfeste, men bildet er tatt før 1940.

Figur 14. Faksimile Jora bru. (Rauma kulturstyre, 1994)



Bane NOR har utarbeidd «Landsverneplan for Jernbanen. Liste over fredete, vernede og verneverdige miljøer og objekter i jernbanen. Oppdatert 2017» Utdrag av lista frå Bane NOR er vist i tabell 5.

I landsverneplanen står det m.a.:

«Følgende tabeller gir oversikt over de kulturminner – baner, stasjoner og objekter – som er fredet etter kulturminneloven (kml), vernet etter plan- og bygningsloven (pbl), vernet etter administrativ beslutning (adm), eller hvor fredning /vern er under utredning. Listen er en kortform for enkelt å gi en oversikt over hvilke jernbaner, jernbanemiljøer og -objekter som er vernet / fredet, og hvilke baner, miljøer og bygninger som i tillegg er under utredning for å inngå i «Landsverneplan for jernbanen». Listen vil bli ajourført etter hvert som utredninger og prosesser som beskrives blir gjennomført. Listen omfatter også objekter som ikke er i Jernbaneverkets eie. Listen kan ikke garanteres å være fullstendig og uttømmende når det gjelder opplysninger om bygninger og anlegg som er vernet i kommunal plan (plan- og bygningsloven). Listen omfatter heller ikke beslutninger og planvedtak som er fattet etter listens revisjonsdato.»

...

Listen er tredelt: A. Baner og banestrekninger som er vernet/fredet eller vurderes for vern/fredning B. Stasjoner og bygningsmiljøer som er vernet/fredet eller vurderes for vern/fredning C. Nedlagte banestrekninger, anleggsveier m.m. som det er aktuelt å innlemme i landsverneplanen»

Bane NOR har utarbeidd «Landsverneplan for Jernbanen. Liste over fredete, vernede og verneverdige miljøer og objekter i jernbanen. Oppdatert 2017» Utdrag av lista frå Bane NOR er vist i tabell 5.

Tabell 5. Utdrag av «Landsverneplan for Jernbanen. Liste over fredete, vernede og verneverdige miljøer og objekter i jernbanen. Oppdatert 2017»

| Raumabananen      | Strekningen Bjorli-Åndalsnes bevarer som anleggsminne og utvikles som turistjernbane. |                                  |  |   |
|-------------------|---|----------------------------------|--|---|
| Stasjon/objekt    | Administrativt vern   | Vern etter plan- og bygningslova | Under arbeid, forordningar   | Omfang, opplysingar   |
| Lesja stasjon     |   | X                                |  | Stasjonsbygning, godshus, privèt, plattform, hage og beplantet allé med stabbsteiner. |
| Lora stasjon      |   | X                                |  | Stasjonsbygning.  |
| Lesjaverk stasjon | X   |                                  |  | Stasjonsbygning, dobbel vokterbolig.  |
| Bjorli stasjon    | X   |                                  | Bevarer som komplette anlegg m/indre og ytre sikrings-anlegg, bygninger, sporplaner m.v.<br>Infrastruktur nødvendig for togframføring med damplokomotiver holdes i operativ stand. | Stasjonsbygning, godshus, vanntårn, pumpehus, svingskive, 3 funksjonærboliger.        |



|  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|
|  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|

#### 4.4 Kulturminne knytt til andre verdenskrig.

Vi har mange spor etter krigen som må tas vare på før dei går tapt. Dei er ein viktig del av vår nasjonale og lokale historie, som vi må formidle vidare til oppveksande generasjonar.

I samband med planarbeidet er det gjort ei registrering i felt. (vedlegg 3) Ei oversikt er vist i tabell 6. Det er også gjennomført synfaring ved Stuguflothen hotell (vedlegg 6)

Tabell 6. Registreringar av krigsminne frå 2. verdenskrigen, gjort av Rune Nørstegård, Gunhild Hansen og Runar Hole m.fl.. (Jf. vedlegg 3)

| Art  | På tal                            |
|--|-----------------------------------|
| Statleg og militær leiging                   | 3 (i tillegg Stuguflothen hotell) |
| Krigshandlingar                              | 19                                |
| Forsvarsverk                                 | 19                                |
| Anlegg                                       | 20                                |
| Krigsfangar, skjulestadar, minnesmerkje m.m. | 10                                |

2. verdenskrigen skil seg ut som ei sær annleis og brutal tid i vår historie, noko fotoet i figur 15 er eit sterkt døme på.

Rune Nørstegård (Dovre Lesja krigsminnesamling) har komme med følgjande innspel:  
*«Stuguflothen hotell kommer i en særstilling fordi begivenhetene der fikk såpass stor betydning for krigens videre gang.*

*Flyplassen på Lesjaskogsvatnet er også av relativt stor betydning fordi dette var den ene av 2 flyplasser som de Allierte benyttet seg av i Norge under krigshandlingene 1940, og den eneste i Sør-Norge.*

*Togavsporingen ved Knipa er også et betydelig kulturminne fordi det her fant sted en av de verste enkeltulykker i samband med felttoget i Sør Norge, med tap av til sammen 11 mennesker + mange alvorlige skader.*

*Videre er de kulturminner relatert til fallskjermangrepet mot Dombås av historisk betydning. Dette angrepet skal Hitler selv ha beordret. Jeg kjenner ikke til at Hitler personlig blandet seg inn og beordret andre aksjoner på Norsk jord under felttoget i Sør Norge.*

*Men av disse kulturminnene er det kun Stuguflothen hotell som har en visuell kvalitet. Skal en vurdere kulturminnene ut i fra visuelle inntrykk i dag, så mener jeg at bombekraterene ved Lissersvingen er av størst betydning, kraterene er geografisk konsentrert, svært tydelige og det at bombingene kostet to soldater livet gjør inntrykk.*

*Til slutt vil jeg minne om at vegbrua over Jora ble sprengt 30.04.1940. Dette var ei gammel steinbru mura av Lesjinger. Fundamentene av den gamle brua er fortsatt synlige og der står en minnestøtte etter de som konstruerte og ledet byggearbeidet. Den nye brua, den som står i dag, er bygd av tyskerne under krigen.»*



Figur 15. Etter bombing av Nordistugu Nørstebø. (Utlån Rolf Sørungård).

#### **4.4.1 Stuguflothen hotell**

Hotellet er bygt i åra 1895 – 1900 under leiing av Stor-Johan Rødstøl frå Verma. Hotellet var bygt for ein marknad av engelske fiskarar og fjellturistar. Dei ville fiske i Rauma, og gjere turar til ulike fjelltoppar i området, gjerne med guide og transport på delar av turen.

Hotellet er i hovudsak bygt i lafta tømmer (utan «knutar»), med enkelte tilbygg i reisverk.

Stuguflothen har og vore skysstasjon. Eit bygg som var nytta som skysstasjon, vart også nytta i hotelldriften. Dette bygget er no rive. (Figur 16)

Etter 2. verdskrigen vart hotellet bygt om for skiturisme. Romma vart delt opp, og det vart lagt inn vatn og avløp. Hotelldriften tok etter kvart slutt, og bygningen står no unytta.



Figur 16. Stuflothen hotell, 1955. Foto: Norman

### Krigshistorie

I april dagane i 1940 var m.a. kongen, kronprinsen og regjeringa på flukt frå tyske invasjonstyrkar. Dei kom til Stuguflothen, der det vart halde statsråd 22. april 1940. Protokollen frå statsrådet dokumenterer at statsrådet vart halde her.

I statsrådet vart det vedteke å opprette Nortraship. Heile den norske handelsflåten vart lagt inn i Nortraship for å kunne tene allierte interesser under krigen. Handelsflåten spelte ei særskild viktig rolle for å framforsyninga, og gav staten store inntekter som finansierte krigsinnsatsen. Dette gav også eksilregjeringa politisk tyngde blant dei allierte. Vidare fekk Nortraship konsekvensar for reiarlag og sjøfolk både under og etter krigen. Per Stueflothen opplyste at det rundt Stuguflothen fall 65 flybomber, og at det vart laga til provisoriske gøymeplassar. Kronprins Olav skal også personleg ha gripe inn for å berge i sikkerheit ei buedeie som var i fjøset.

Statsrådet på Stuguflothen var såleis ei særskild viktig og dramatisk krigshistorisk hending.


Etter kommunen si oppfatting eit kulturminne av nasjonal verdi knytt til historia frå 2. verdskrigen. Regjeringa hadde her eit møte før eksilet i London, og m.a. vart det vedteke å opprette Nortraship. RA fatta interesse for objektet på siste kulturminneplansamling for kommunane i Oppland.



## 4.5 Lesja jernverk

Lesja jernverk ligg på Lesjaverk gard, ved austenden av Lesjaskogsvatnet.

Lesja jernverk vart etablert i 1660 ved utstedte privilegier til lagmann Philpsen i Christiania og Jochum Irgens, og nedlagd i 1813. Etter nokre år med stillstand vart verket sett i drift att i 1692. På 1700-talet var det skiftande eigarskap, og drive med «meir eller mindre hell». I 1757 vart verket kjøpt av direktøren ved Follidal koberverk, Paul Irgens. Irgens bygde ny masovn og stangjernhammar. Malmen frå Lesja var ikkje eigna for støypegods, og produkta var då i hovudsak stangjern, borjern og ulike smijarnartiklar. Lesja jernverk var blant dei minste i landet. Masovnen vart øydelagd i 1812, og drifta lagt ned i 1813. (Thuesen, 1977) (Figur 17 og 18)



Figur 17. Faksimile. 1) Lesjaverk gard, hovudbygning frå 1734, 2) Masovn (ruin) frå 1754. (Thuesen, 1977)



Figur 18. Faksimile. Masovnen 1970, foto. (Thuesen, 1977)







Figur 19. Masovnen med støttemur, 2017. Foto: Lesja kommune.

Lesja jernverk var etter lokale forhold eit stort anlegg. I utstillinga (figur 20, prosjektleiar Ingrun Slungård) på Lesjaverk gard er det opplyst at det her var:

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Rostomn</li><li>• Knuseverk</li><li>• Malmlager</li><li>• Kollager (2)</li><li>• Kalklager</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Masomn</li><li>• Hammersmie</li><li>• Jernlager</li><li>• Lagerbygg (4).</li></ul> |
|--|--|

Arkeolog Sigmund Jacobsen utførte ei utgraving på 1990-talet. Dette er omtalt i:

**Jacobsen, Sigmund: Jernverket på Lesjaverk.** Sikring av masovnen, undersøkelser i verksområdet, analyser av malm og slagg, i: *Lesja Historielag Årsskrift 2000, s 38-54.* (redigert av Ingrun Slungård fra originalmanus s 1-17 og 94-103). Yttermuren er rekonstruert.

Kjell Voldheim (Gudbrandsdalsmusea) vurderer **masovnen** som det sentrale kulturminne. (Figur 19) Etter hans vurdering er masovnen med liten tvil av regional/nasjonal verdi. Masovnen er ein av få attverande av den gamle vallonske typa. Typisk for Lesja jernverk er at det var det einaste jernverket i innlandet, og som ligg så høgt over havet.

Kjell Voldheim skriv: «På grunn av små mengder krom, nikkell og vanadium fikk det smeltede jernet liten flytbarhet og egnet seg ikke til støping. Derimot var den særdeles godt egnet til stangjern. Det skal ha vært en stangjernshammer ved Håmår fossen i Rauma, og trolig har det i en periode vært en hammer på selve verket. På grunn av innholdet av jernlegeringsmetaller som titan og mangan ble jernet motstandsdyktig mot korrosjon. Det er sagt at jernet fra Lesjaverket var «nesten rustfritt». Dette gjorde det svært populært som materiale til skipsnagler og gruveredskap. Kobberverket på Røros var en god avtaker for jern fra Lesja.» (Voldheim, 2018)

Masovn

På 80-talet vart det i samarbeid med Lesja kommune etablert ein komite som arbeidde med bevaring, skjøtsel og formidling av kulturminneverdiane knytt til masovnen. Skulesjefen (Ingrun Slungård) var sekretær, og i kommunen sitt budsjett vart det avsett årlege midlar til skjøtsel og vedlikehald av anlegget. Vidare arbeidde komiteen med planar for eit vernebygg. Oppland fylkeskommune av slo å støtte eit vernebygg, då dei meinte det mangla dokumentasjon på korleis jernverket hadde vore konstruert og utforma.

Komiteen mista då motivasjon for vidare arbeid med saka. Dei kommunale midlane forsvann også, utan at det vart gjort noko eige vedtak om dette i kommunen.

Ingrun Slungård fekk laga ei enkel utstilling om jernverket og masovnen, som står og er i bruk i dag.

Lesja jernverk var i drift frå 1660 – 1812. Spanande historie om korleis Irgens/Philipson fekk mutingsrett – poltikk og intriger på høgt plan. Jernverket fekk den største circumferens som er kjend,



og hadde alle rett til grunn og ressursar i området. Derfor ei særmerkt historie i denne delen av kommunen, og i regionen.

Arkeologiske utgravingar gjennomført av Sigmund Jakobsen viser i store trekk korleis masovnen var utforma og drive. Jakobsen viser til at masovnen er av vallonsk type.

Det er sterkt behov for eit vernebygg, og avklaring av vernestatusen. Dette blir tema i kulturminneplanen, i tillegg til at Oppland fylkeskommune blir bedt om å vera med å lyfte saka.

Miljøet rundt Lesja jernverk spør seg også korfor løyvingane og engasjementet frå kommunen tok slutt.

Mykje talar for at masovnen er eit teknisk/industrielt kulturminne av nasjonal verdi. Det er behov for eit vernebygg, og å få avklart vernestatusen.



Figur 20. Teikning (av Per Einbu) av Lesja jernverk, faksimile frå utstillinga.

#### 4.5.1 Gruvlie

Kjell Voldheim har opplyst at gruvne i Gruvlie er såkalla dagstrossar, som no har blitt vassfylde. Det finst og enkelete skråsjakter. Gruvne er overgrodd, og rotvelter ligg over sikringssjerdet på somme plassar. Det har vore pramming av malm på Lesjaskogsvatnet, og plassen Bryggja skriv seg frå denne tida.



Kjell Voldheim skriv:

« Gruvlie på nord-øst siden av Lesjaskogsvatnet ble det funnet jernmalm på 1650-tallet. Malmen ble analysert av bergkjemiker og sjiktmester Nicolaus Grein fra kobberverket på Sel, og funnet såpass lovende at det i 1660 ble utstedt privilegiebrev på et jernverk her.

Malmen ble tatt ut fra 5 gruveområder i Gruvlie og to gruver, Gruvmogruva og Slettumgruva, noe lengre vest i lia. Den utdrevne jernmalmen ble fraktet ned til Lesjaskogsvatnet til Bryggja og videre sør-østover til verket på vatnet med prammer eller slede på vinterføre. Her ble malmen smeltet og foredlet.» (Voldheim, 2018).

Gruvene er kartfesta, og dei har fått ei detaljert omtale i Voldheim sine registreringar. (sjå tabell 7)

Tabell 7. Dokumenterte lokalitetar. (Etter Voldheim, 2018)


| ID       | Lokalitet / objekt                     | Resurstype    | Tilhørighet        |
|----------|--|---------------|--------------------|
| GM012MA  | Generelt                               | Jernverk      | Lesja jernverk     |
| GM012aMA | Hytteplass / generelt                  | Jernverk      | Lesja jernverk     |
| GM012bMA | Gruvbakkegruva                         | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012cMA | Vindgruva                              | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012dMA | Skinnargruva                           | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012eMA | Langstudulgruva                        | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012fMA | Fjellgruva                             | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012gMA | Gruvmogruva                            | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012hMA | Slette gruve (Slettumsgruva v. Mølmen) | Jernmetaller  | Gruvlia, Lesjaskog |
| GM012iMA | Stellsteinsberget                      | Olivin/dunitt | Lesja jernverk     |

#### 4.5.2 Kolmiler

Ved hjelp av laserdata og terrengmodellar har Oppland fylkeskommune gjort eit arbeid med å identifisere kolmilevangar og andre spor etter kulturminne i terrenget. Slike kulturminne er kalla «fjernmålte kulturminne». På Lesja er det no registrert ca. 1100 objekt med spor etter kolmiler. Konsentrasjonen er høgast rundt Lesja jernverk, men med utbreiing i både austleg og vestleg retning. Det finst område i kommunen som er heilt utan slike funn, og ei mogleg forklaring er at det ikkje var tilgjengeleg skog rundt dei etablerte gardsvalda på den tida.

Milevangane har ulik utforming avhengig om dei ligg i flatt lende eller i lisdier. Somme milevangar ser ein at har hatt fleire driftsfasar.

I figur 21 er det vist i eit kartutsnitt med fjernmålte kulturminne. Dei aller fleste av desse vil vi tru er milevangar frå jernverkstida.



Figur 21. Fjernmålte kulturminne på Lesja. Datasett frå Oppland fylkeskommune.

#### 4.6 Gruveverksemd på Dalsida

Avsnitta her er henta frå Kjell Voldheim sin rapport Bergverksminner i Lesja. (Voldheim, 2018).

Voldheim skriv:

«Kleberstein på Dalsida

På Dalsida finnes et stort antall olivin/dunitt kupper. Disse er ofte sterkt omdannet til serpentin og talkrik kleberstein. På flere av de talkrike klebersteinsforekomstene har det vært uttak av kokegryter i vikingtid (år 800-1050). På en større klebersteinsforekomst ved Tandsætre ser en uttak etter tusenvis av gryter fra denne tida. Oppe i over 1400-meters høyde ved Storhorrungen finner vi flere slike gamle gryteberg på de mange klebersteinsforekomstene her. Her ser vi også tufter etter brakker. Det ser ut til at klebersteinsforekomstene på Dalsida har vært utnyttet før middelalder. Det er lite som tyder på at det har vært noe uttak av betydning senere.

NGU har kartlagt klebersteinsforekomstene i Lesja på Dalsida og regner de som viktige med et betydelig volum. Det er to moment som tilsier at et industrielt uttak likevel er lite aktuelt. For det første er det en del jernkarbonater i steinen og mineralet tremolitt fører til et relativt stort innhold av asbest.

Krommalm på Dalsida

Omvandlingsgraden på dunittene varierer sterkt, og noen steder er dunitten omdannet til serpentin. I flere av disse kollene fører serpentinen kromitt. På midten av 1800-tallet ble det skjerpet og drevet uttak av kromittmalm flere steder på Dalsida. Det er minst seks slike gruver og skjerp fra Dyratjønne og opp mot Storhorrungen. I tillegg finn vi trolig den største gruva innerst i Skamsdalen ved Langvassbekken. I alt har det vært gruvedrift i 10 – 15 år fra ca. 1840.

Malmen ble kjørt fram fra gruvene til Filling. Her ved Fillingsåe ble det anlagt et knuseverk og en stall/overnattingsbrakke for hestekjøerne. Etter knusing og skeiding, ble malmen fraktet på vinterstid til Veblungsnes og skipet ut fra der. Krommalmen ble fraktet til Trondheim der det var anlagt en kromfabrikk i 1830-årene. Kromsalter ble brukt til garving av lær og til å produsere «kromgrønn» farge.»



I tabell 8 er det vist ein oversikt over registrerte bergverksminne på Dalsida.

Tabell 8. Registrerte bergverksminne på Dalsida, Lesja. (Etter Voldheim, 2018).

| ID       | Lokalitet / objekt                   | Resurstype                | Tilhørighet    |
|----------|--------------------------------------|---------------------------|----------------|
| GM013KL  | Generelt                             | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
| GM013aKL | Tandsetra, gryteberg                 | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
| GM013bKL | Kollen, østre                        | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
| GM013cKL | Sjongseter                           | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
| GM013dKL | Veslehorrungen                       | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
| GM013eKL | Storhorrungen                        | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
| GM013fKL | Filling-styggeberget                 | Blokkstein, kleberstein   | Dalsida, Lesja |
|          |                                      |                           |                |
| GM014MA  | Generelt                             | Jernlegeringsmetaller, Cr | Dalsida, Lesja |
| GM014aMA | Nysæter –styggeberget /Ølstad        | Jernlegeringsmetaller, Cr | Dalsida, Lesja |
| GM014bMA | Aurtandgruva                         | Jernlegeringsmetaller, Cr | Dalsida, Lesja |
| GM014cMA | Halvfarhøe                           | Jernlegeringsmetaller, Cr | Dalsida, Lesja |
| GM014dMA | Severine                             | Jernlegeringsmetaller, Cr | Dalsida, Lesja |
| GM014eMA | Skamsdalen grube<br>(Langvassbekken) | Jernlegeringsmetaller, Cr | Dalsida, Lesja |
| GM014fMA | Verkenstugu                          | Bygning / malmplass       | Dalsida, Lesja |

#### 4.7 Samiske kulturminne

I 2006 vart det gjort ei kartlegging av kulturminne i det nedtappa Aursjømagasinet på Lesja. Her vart det funne restar etter fire samiske buplassar. Funnet var ein sensasjon, og gjeve nye perspektiv på samisk busetting i Sør-Norge.

Det blir elles vist til artikkel av Gaute Reitan, Kulturhistorisk museum, 2006 om Aursjøutgravinga.

#### 4.8 Kulturminne knytt til jord- og skogbruk

Ei generell oppfatting er at jordbruket kom til Norge for ca. 5000 år sidan: Også i Lesja går jordbruket si historie meir enn tusen år attende i tid. Kulturminne knytt til jordbruket er derfor av dei viktigaste elementa for å dokumentere Lesja si historie.

Sentralt her står dei eldste gardsvalda og gardsnamna, og utviklinga i bruks- og eigarstruktur fram til vår tid. Dette er til dels godt dokumentert gjennom skriftlege kjelder som norrøne soger, gamle lovar og rettsdokument elles.

Dei fysiske kulturminna etter det tidlege jordbruket er meir sparsommelege, som t.d.. dyrkingsspor og husvere.

Men frå 1600-talet og framover er det eit aukande tilfang av kulturminne frå jordbruket som t.d.:

- Bygningar på gardane, sætrar, utløer, buer m.m.
- Hafeller (skigardar, steingjerde osv.)
- Vatningsanlegg og vassvegar. Jf. også «Utvegar til vatn», Ivar Teigum, 2014, Gudbrandsdalsmusea.
- Bekkekverner og kvernhus



- Geiler og drivingsveggar for beitedyr
- Lause kulturminne knytt til hausting, dyrestell, foredling og daglegliv.
- Kulturmark
- Utslåttar

Eit særleg forhold er at det i samband med Aursjø-utbygginga vart demt ned fem sætrer: Sørhella, Gåsbue, Geitavollen, Alvsætre, Buvollen,

#### 4.8.1 Lesjaleira

Lesjaleira er eit unikt landvinngs og dyrkingsprosjekt. Lesjavatnet vart uttappa i åra 1857-65, og flaumsikringstiltak kom på plass 1970-82. Etter 1982 er det dyrka ca. 7000 daa på Lesjaleira.

Riksantikvaren vurderer å gje Lesjaleira status som nasjonalt viktig kulturhistorisk landskap (KULA-prosjektet).

Sjølv om Lesjaleira har ei særmerkt historie, er anlegg og landskap frå nyare moderne tid.

#### 4.9 Tømmerfløyting

Tømmerfløyting var måten å transportere tømmer på før vegnettet var utbygt, og ein fekk større lastebilar og vogntog som tek seg av frakta. Tømmer vart fløyta i både små og store vassdrag. Døme på minne etter tømmerfløyting er kanalar, dammar, velteplassar og utslag, koier, båtar utstyr og tømmermerkje. Audun Høgbrenna (1999) nemner ulike tidsbolkar for tømmerfløyting i Lesja.

Høgbrenna skriv: «Alt på 1700-talet skulle det vera fløytt tømmer frå Lordalen Statsallmenning.» Her det nemnt ulike plassar for utslag av tømmer:

- Klemma og Klemdrågje
- Brattvelta.

I området mellom Lesjaverk og Lora var det fløyting frå ca. 1870 til 1930-talet. I 1958 vart elvefaret rydda med bulldoser. Her vart det bygt ein hjelpedam ved Leirimo, kalla Gammeldammen. Dammen vart fyrst bygt i 1906, då av Lillehammer Dampsag. Fløyting her vart likevel lagt ned etter 2-3 år. Dammen vart rive, og det vart bygt ei bru på plassen: Gammeldambrue.

Vidare skriv Høgbrenna fløytinga vart «teke opp att» i 1955. Vi må då leggje til grunn at det hadde vore ei periode utan tømmerfløyting i Lesja. Han nemner då at det vart fløytt frå

- Bonkvennhusbrue
- Bjøknebrue
- Bottheimsbrue.

#### 4.10 Jakt, fangst og fiske

I Lesja er det stort og variert tilfang av kulturminne knytt til jakt- og fangst. Det meste av dette materialet høyrer til under arkeologiske kulturminne, sjå kap. 4.1.

Til jakt- og fangstminna høyrer t.d.:

- bogestø
- bægarmar
- innsмого



- kjøtgøyme
- fangstgroper
- anlegg for vassfangst
- anlegg for juvfangst
- anlegg for massefangst.

Av viktige anlegg kan vi nemne:

- Fellingsvatnet
- Verket – massefangstanlegg med kilometervis stolpehol, avlivingskve, hestvegar og tufter.
- Rekkjer med fangstgroper på kvar side av hovuddalføret vest for Lora.
- Eit stort tal med enkeltminne i utmarka elles.

Det er fleire rapportar og byggje på, men den viktigaste er *Jakt og fangst i Lesja* av Øystein Mølmen. Mølmen var ein føregangsperson når galdt kartlegging og formidling av kulturminne knytt til jakt- og fangs i vårt område.

Dei mange fiskebuene i fjellet vitnar om lang lang tids bruk, med fiske på fjellvatna i Lesja. Fleire vatn hadde heller ikkje hatt fisk, om det ikkje hadde vore for at folk hadde bore fisk dit. Fiskekultivering har såleis ei lang historie i fjellbygdene. Olaf Heitkøtter var tilsett som det fyrste heiltids fjelloppsyn i landet, og Lesja var såleis førande i dette arbeidet. Det vart laga fiskedammar og klekkeri på Dalsida. Seinare vart det bygt klekkeri ved Lesjaverk gard.

Med Heitkøtter vart det etablert eit fagmiljø for bruk og forvaltning av utmark, som peika fram mot vår tid.

#### 4.10.1 «Villreinfangsten som verdensarv»

Lesja kommune har sidan starten av prosjektet i 2004, vore ein pådrivar i arbeidet med verdsarvprosjektet. Kommunen var vert for prosjektet frå starten av, med John Olsen, som prosjektleiar.

I våre fjell er det registrert meir enn 1100 arkeologiske enkeltobjekt, og dei fleste av dei er knytt til jakt og fangst på villrein, i ei tidslinje som går over fleire tusen år. Vi veit og at denne kulturen kan bli spora attende til sentrale delar av Europa i førhistorisk tid. Og framover til vår tid, der villreinjakt er ein levande tradisjon.

Det ligg store kulturhistoriske verdier i våre fjell knytt til mennesket si busetting og utvikling i Europa. Lesja kommune meiner dette oppfyller kriterier for ein plass på UNESCO si verdsarvliste.

## 4.11 Industri

### Fangst

Dei store fangstanlegga for villrein, som det ein finn på Verket på Slådalen, blir ofte omtale som anlegg for «industriell fangst». Hypotesen i arkeologiske fagkreter er fangsten her kravde ei organisering med ei sentral leiing. Vidare tydar funn i området tydar på at eit stort tal dyr vart fanga i gjerdet, og avliva i eiga kve. Frå avlivinga er det registrert hestevegar ned til fleire tufter. at det her gjekk føre seg ei organisert foredling av slakt, t.d. til skinn, kjøt og reiskapar, som var meint for sal eller byte i ein marknad.



Dette ligg i gruppa for arkeologiske kulturminne, sjå, kap. 4.1.

### **Kvernhus, stamper og møller**

Det er allment kjend at vasshjul og kvernkallar kom i bruk frå 1500-talet, og fekk eit større omfang frå 1600-talet og utover.

Bekkekverner vart då tekne i bruk i same periode som oppgangssagene kom. Teknologien er grunnleggjande lik. Bekkekverner var det fleire av i kvar grend.

Rundt på gardane finst det att enkelte kvernhus med tilhøyrande anlegg.

Etter 1900 kom det både turbinar og elektrisitet. Det vart då meir vanleg å etablere bygdemøller. Ei slik var Grøna mølla. På lokalhistoriewiki.no finn ein:

*«Grøna mølle er ei bygdemølle på Lesjaskog. Den første mølla vart oppsett ved Grønfossen i Grøna i Grøndalen i 1932 (truleg ikkje teke i bruk før 1933) og var vassdrive. Ho brann ned i 1944, og året etter vart ei ny mølle basert på elektrisk drift oppsett slik vi ser på bildet. Mølla var i drift til sist på 1960-talet.»*

Lesja historielag har gjort ei systematisk registrering av kverner og stamper.

### **Sagbruk**

Som nemnd vart oppgangssagene tekne i bruk i same periode som kom bekkekverner. Oppgangssager var plassbygde anlegg, og sjølv mindre vassdrag og bekkar kunne gje nok vatn til å drive sagene.

Truleg var det mange slike sager i ei bygd, då det var enklare å bygge eit sagbruk enn å frakte tømmeret lange vegar. Med tida vart det utvikla sirkelsagbruk som også vart drive av vasshjul, kvernkallar og turbinar.

Minner etter oppgangssagene er få. Det kan vera tufter og kanalar m.v. Det er reist fullt fungerande rekonstruksjonar av slik verk, både i Sagelva vasskraftsenter og på Lorkverna. Sjølv om dei er rekonstruksjonar, har dei kulturhistorisk verdi, fordi dei dokumenterer ei historie knytt til teknologi, byggjemåte, arbeidsliv og økonomi.

Med oppgangssagene kom eit stort oppsving i tømmerhogst og produksjon av trelast, også for eksport.

Dei vassdrevne sagene gjekk ut av bruk då det kom dampagbruk (lokomobilsager), og elektrisk drivne sagbruk.

Lesja historielag har gjort ei systematisk registrering av sagbruk.

Det er opplyst at det var sagbruk m.a. i Baklie og på Tunga.

### **Små kraftverk**

Bygging av små kraftverk har fått eit oppsving i vår tid, men det er ikkje noko nytt. Det vart tidleg sett inn turbinar i fleire mindre vassdrag, som gav grunnlag for etablering av lokale industriverksemder. I Lesja er det eit døme i Tråsådalen. Her var det kraftstasjon som gav grunnlag for snekkerverkstad, produksjon av kister, vindauge, beinmjøl.

### **Lesjaskog møbelsindustri**

Verksemda hadde den fyrste maskinhøvelen i Lesja.





### Andre industrielle kulturminne

På ei kveldsseto med Lesja historielag 08.02.18 kom det fram opplysingar om indistrielle kulturminne:

- Spor etter fajanseproduksjon på Lesja, Søre Leiret. (Kolstadleire) Fleire kan ha att tallikkar frå produksjonen.
- Kleberbrot i Bottberget.
- Steinbrot ved Knipstugu. Brukt under Raumabaneanlegget.
- Johan Kristensen hadde dreieverkstad, drive med vasskraft frå Nore.

#### 4.11.1 Lesjaverk gard

Lesjaverk gard - **hovudbygningen** er vedtaksfreda, og såleis eit kulturminne av nasjonal verdi. Hovudbygningen er datert til 1734-36. Vedtaksfreda 06.06.1923. (Figur 22) Lesjaverk gard hadde eigen gravplassen ved Lesjaverk kyrkje.

I tillegg til hovudbygningen og masovnen finst det fleire andre kulturminna på eigedommen av regional/lokal verdi.

I sum representerer Lesjaverk gard industrihistorie, bygningshistorie og politisk/sosial historie over fire hundreår. Heilskapen talar for at heile anlegget er av nasjonal verdi.

Det blir her gjeve ei stutt omtale.



Figur 19. Lesjaverk gard, hovudbygningen. (Foto: Lesja kommune)

### Kraftverk



Lesjaverk gard har eige kraftverk som har vore i drift utan opphald sidan det vart bygt i 1940. Leverer 12-13 kW til garden. Ulike akslingar og svinghjul gjer at krafta frå turbinane også har vorte nytta til å drive sagbruk og vatningspumper på garden. Vedlikehald: olje, fett og kolbørster på generatoren. Truleg eit av få slik anlegg som enno er i drift i Oppland. (og på landsbasis?) Einar Morken har tilsyn med kraftverket i dag, 2- 3 turar pr. veke. (Figur 23)



Figur 23. Lesjaverk gard, interiør med generator (frå kraftverket). (Foto: Lesja kommune)

### **Sagbruk**

Sagbruket er frå same tid som kraftverket. Sagbruket vart brukt til leigeskur for produksjon av jernbanesviller. Sagbruket var drive av dei same turbinane som kraftverket, men med eit anna svinghjul. Sagbruket er langt på veg intakt. (Figur 24)

I ei periode var det mange mindre sagbruk av denne type rundt i det ganske land. Med tida har rasjonalisering av transport og produksjon gjort at talet er sterkt redusert. Sagbruket har ein lokal/regional verdi som kulturminne frå etterkrigstida. Må også bli sett i samanheng med kraftverket.



Figur 24. Lesjaverk gard, kraftverkshuset og saghuset. (Foto: Lesja kommune)

### Klekkeri

Olaf Heitkøtter var ein føregangsmann som satsa på klekkeri i takt med at det vart stilt krav om fiskeutsettingar i samband med kraftutbygging.

Klekkeriet dokumenterer ei viktig lokal historie knytt til forvaltning av ressursane i fjellet. Og i regional/nasjonal samanheng er anlegget viktig m.t.p. lokal forvaltning, kraftutbygging og fiskekultivering. (Figur 25)



Figur 25. Lesjaverk gard, klekkeriet. (Utlån: Rolf Sørungård)

#### **Overløp – utløp Gudbrandsdalslågen.**

Inntaksdammen har overløp til Gudbrandsdalslågen, som startar nettopp her. Eit kuriøst, men viktig poeng.

#### **Kvern**

Eit kvernhus med kvernsteinar og drivverk er flytta til Lesjaverk gard, på ein plass der det tidlegare har vore kvern. Kverna er intakt. Det er flomskader på kanalen (figur 26) som gjev vatn til kverna. (figur 27)



Figur 26. Lesjaverk gard, kanal til kvernhuset. (Foto: Lesja kommune)



Figur 27. Lesjaverk gard, kvernhuset. (Foto: Lesja kommune)

#### **Rekonstruert pumpehus for vatning.**

Framved kverna er det sett opp eit nytt hus, der ein vil byggje ein rekonstruksjon av eit vassdrive pumpe/vatningsanlegg.

#### **Kulturstig og uteområde**

Det er etablert ein kulturstig i området med informativ tekst, foto og figurar. Kulturstigen treng opprusting, med rydding av trase, reparasjon av rekkverk, bruer og nye opptrykk av plakatar m.v.

Det er store familievenlege friareal på området. Det ligg også godt til rette for å ta imot skuleklassar som ynskjer besøke plassen.

#### **Anna**

Det står to vassstårn oppe ved E136/Raumabanen, for framføring av vatn under vegen og jernbana. Etablert på 30-talet som del av vassforyninga til Lesjaverk gard med vatningsveiter og vasslekkjer (trolag).



#### 4.11.2 Lorkverna

Lorkverna er ein plass, ca. 3 km ovanfor samløpet mellom Lora og Lågen. Der har det vore kvern, stampe og andre anlegg i tidlegare tider. Lesja historielag har laga rekonstruksjonar. Anlegget framstår som ein dokumentasjon av tidlege industrianlegg, og er godt tilrettelagd for vising og formidling av industrihistorie. (Figur 28 og 29)

Lesja kommune har starta arbeidet med ein reguleringsplan for Lorkverna. Nedanfor er det gjeve ei omtale av dei ulike delane av anlegget, jf. brev frå Lesja historielag, 02.01.16, til Lesja kommune.

**Kvernhuset** med mølledam, kanalar, vassrenner, turbin og kvernsteinar. Det gamle kvernhuset vart rive, og det nye vart bygd oppatt som ein kopi av det gamle, men med nye materialar.

**Stampehuset** med vassrenner, overfallshjul og stampe. Stampehuset er nybygd etter mål frå eit anna stampehus. Frå gamalt var det stampe ved Lorkverna, men den stod ikkje nøyaktig der den nye står.

**Stallen** er bygd på tomte av den gamle stallen og som ein kopi av den, men av gamle materialar frå andre hus. Den er innreidd som opphaldsrom med omn, bord og benker m.v.

**Møllarstugu** er restaurert og innreidd om lag slik ho var da møllaren budde der. Ein del tømmer er utskifta, men også ein del av det tømmeret som var i huset er brukt.

**Overbygd blestergrop** for blestring av myrmalm til jern. Blestergropa vart oppbygd etter initiativ av Jon Olsen og bygdemuseet. Det er ingen tradisjon for blestring i Lorkvernområdet, men ein fann det føremålsteneleg å plassere anlegget der i staden for ved bygdatunet. For å blestre må ein brenne kol, og dette ligg det betre til rette for på Lorkverna enn på bygdatunet, ikkje minst på grunn av brannfaren.

**Smie.** Dette er ei gamal smie som historielaget fekk av Ola Jo Botheim, og som vi har plassert inntil blesterområdet og utstyrt med blåsebelg, esse og smie-ste. Det har ikkje vore smie på Lorkverna tidlegare, men det er føremålsteneleg å ha smie i tilknytning til blesteret.

**Tørstugu.** Denne har stått ved Tordholgardane, og historielaget fekk overta ho under føresetnad av at ho vart plassert ved Lorkverna. Tørstugu er heilt intakt med klebersteinsomn og hjellar for tørking av korn. På Lorkverna var det i si tid tørstugu, tuftene av denne er å sjå midt i tunet der det er benkar no.

**Skåle** for bålved og fying i stallen. Dette er eit svært enkelt bygg. Lagerhus i tilknytning til møllarstugu. Dette er eit enkelt hus på ca. 5x6 m med enkle veggjar og utan golv. Det var bygd som skåle for møllarstugu, men historielaget har planar om å legge inn golv og innreie i alle fall delar av det slik at det blir meir føremålsteneleg til lagring av verktøy, meteriell m.v

**Utedo.** Denne vart flytta heil til Lorkverna, og er heilt nødvendig med så mange besøkande.




**Utliggjarbru.** Denne vart bygd i 2012.

**Gapahuk** ved Lorfossen. Denne er bygd av furu og stein frå nærområdet der han står. Gapahuken er tilrettelagt for rasting med bålplass, ved og kokeutstyr. Det er også bygd ein utedo i tilknytning til gapahuken.

**Tunet på Lorkverna** er utstyrt med bord, benker, bålplass, grill, koke- og steikeutstyr m.v

### Turstigen

- Det er opparbeidd ein turstig på ca. 5 km med 10 informasjonstavler om kulturminna og naturen i området.
- Stigen går på begge sidene av elva, og brua var ein viktig føresetnad for at heile området der stigen går vart tilgjengeleg.
- Ved tre innfallsportar til stigen er det opparbeidd parkering og det er sett opp informasjonstavler om stigen.



Figur 28. Kartutsnitt, Lorkverna.



Figur 29. Frå Lorkverna (Foto: Lesja historielag)

#### 4.11.3 Sagelva vasskraftsenter

Sagelva vasskraftsenter ligg ved vegen til Brøstdalen, der denne kryssar Ulvåa. På plassen har det tidlegare vore oppgangssag og andre anlegg. Her er det laga rekonstruksjonar, og arbeid og drift er organisert i «Brøste Stuguflothen kulturlag». Anlegget framstår som ein dokumentasjon av tidlege industrianlegg, og er godt tilrettelagd for vising og formidling av industrihistorie. (Figur 30 og 31)

Det er utarbeidd eit privat forslag til reguleringsplan, som ikkje er sluttbehandla i kommunen. Bane NOR krev ny undergang der Brøstvegen kryssar Raumabanen.

Nedanfor er det lista opp dei ulike elementa i anlegget (etter [https://lokalhistoriewiki.no/Sagelva\\_Vasskraftsenter](https://lokalhistoriewiki.no/Sagelva_Vasskraftsenter)):

- Rekonstruksjon av [Brøstsaga](#) slik ho var i 1934, vassdrive sirkelsag med undervasshjul.
- Kopi av gamal [oppgangssag](#) med undervasshjul.
- Kopi av tradisjonell gardskvern med liggande vasshjul og kvernstein frå [Selbu](#).
- Kvern frå 1942 med elektrisk motor, opphavleg montert i skjul på [Stuguflothen](#) og brukt til ulovleg maling av korn under andre verdskrigen.
- Kopi av vassdrive [stampe](#) frå Stuguflothen, opphavleg oppsett midt på 1800-talet. I slike stamper behandla ein [vadmel](#). Denne har fire stampestokkar.
- [Tjærebrenningsanlegg](#) med vasskjøling på terpentinnuttaket.






- Kanalsystem med fleire vassrenner, den største på 40 m lengde og med 6,6 m fall. Systemet har fleire nåledammar og luker for kontroll av vatnet, som blir overført frå Asbjørnsåe til Sagelva gjennom Teppa, eit rekonstruert tradisjonelt inntakssystem som både sikrar minstevassføring og avgrensar vassføringa under flaum.
- Eit moderne minikraftverk ovafor anlegget med ein maksimumsproduksjon på 640 kW.

I tillegg er det flytta hit eit forsamlingshus (gamalt bedhus frå Verma) for mottak av publikum.



Figur 30. Kartutsnitt, Sagelva vasskraftsenter



Figur 31. Faksimile lokalhistoriewiki, foto frå Sagelva vasskraftsenter.

## 4.12 Minnesmerkje

### **Gamle Lesja kyrkjestad**

Den eldre hovudkyrkja var truleg ei stavkyrkje som låg nokre hundre meter nedafor nåverande kyrkjetomt, ned mot Lesjavatnet. Her er det reist eit minnesmerkje. (figur 32)



Figur 32. Minnesmerkje Gamle Lesja kyrkjestad. Foto: Arnfinn Kjelland.

### **Minnesmerkje over Jakob Bersvendsen Klukstad**

Minnesmerkje står ved Lesja kyrkje. Klukstad var ein namngjeten treskjerar midt på 1700-talet.

### **Minnestein etter Gautsjøulukka**

25.09.1941 drukna 11 personar på Gautsjøen i samband med Aursjøutbygginga. I 1997 tok Lesja Historielag på seg å koordinere arbeidet med å reise ein minnestein over ulykka. Den vart avduka av fylkesmann Knut Korseth i eit stort arrangement ved Gautsjøen 30. august 1998. Til saman 110 familiemedlemer etter dei omkomne deltok. (Figur 33)



Figur 33. Minnesmerkje Gautsjøulukka. Foto: Lesja historielag/Facebook.

#### Fire minnesmerkje ved Lesjaskog kyrkje

Ved Lesjaskog kyrkje det reist fire minnesmerkje (figur 34, 35 og 36):

- Utkalla mannskap, grensevakt i 1814.
- Utvandring til Amerika.
- Falne under 2. verdskrigen.
- Astronom Sigurd Einbu.



Figur 34. Minnestein ved Lesjaskogkyrkje over falne i 2. verdenskrigen. (Foto: Lesja kommune)



Figur 35. Tre minnesteinar ved Lesjaskog kyrkje. (Foto: Runar Hole)



Figur 36. Minnesmerkje ved Lesjaskog kyrkje etter astronom m.m., Sigurd Einbu. (Foto: Runar Hole)



### Einbu nordre, bautastein

Frå kulturminnesøk.no: «Bautastein som opprinnelig har stått i en haug eller steinsetning og som ifølge litteraturen har vært del av et gravfelt med 24 graver. H 2,75, br 0,70m (60-260 gon), tykkelse 0,2m. 9m Ø for bautasteinen er en minnestein. På dens N-side er følgende innskrift i dyp relieff: OLAV DEN HEILAGE OVERNATTA I EINBU I 1029.»

### Gravminner frå 2. verdskrigen

Ved Lesjaverk kyrkje og ved Lesjaskog kyrkje er det gravminne etter britiske falne soldatar frå 2. verdskrigen. (Figur 37)



Figur 37. Gravminner frå 2. verdskrigen, på Lesjaverk (t.v.) og Lesjaskog. (Foto: Lesja kommune)

### Minnesmerkje om togavsporing ved Knipstugu under 2. verdskrigen

Minnesmerkjet er reist etter initiativ av Lesja historielag. (Figur 38)



Figur 38. Minnesmerkje etter omkomne i togavsporing ved Knipstugu under 2. verdskrigen. (Foto: Lesja kommune)

### 4.13 Buer i fjellet

I fjellet og i anna utmark finst det mange enkle buer som er nytta i samband med jakt, fiske, gjeting, måssåtaking, skogsarbeid, fløting og anna ferdsel. Lesja historielag arbeider med å få eit register for slike buer. Registeret vil vera viktig for å dokumentere kulturminneverdiar, og for dokumentere bruken av utmarka.

Det er greitt å ta med buer heilt fram til vår tid, då dei uansett representerer immatrielle kulturminneverdiar, og elles kan verdsettast etter kulturminneverdi. Buene blir kartfesta med foto og omtale.

Lesja historielag har opna ei nettside for registrering av buer i fjellet.

### 4.14 Blakar

Blakar er ei gamal stugu i dragestil. Inngangspartiet er nedbygt av veganlegg for E136 og tilhøyrande gang- og sykkelveg. Grunnmuren på huset er i ferd med å bli pressa ut av vegfyllinga til E136. Det har vore synfaring med vegvesenet som ikkje har rom for tiltak på veggen for å berge stugu.



Kommuneplanen må føreslå løysingar. Einaste utveg for å berge bygningen er å ta den ned, og føre den opp på ny tomt, anten på garden eller ein anna plass. Viss ikkje blir det forfall. Dette må avklarast med eigarane. Kulturminnefondet kan vera ei mogleg kjelde til finansiering, eventuelt at nokon finn det tenleg å kjøpe stugu.

## 4.15 Kulturverninstitusjonar og -anlegg

### **Lesja bygdemuseum.**

13 tømmerhus frå 1700– og 1800–talet er samla i friluftsmuseet. var sommar er fleire hundre friviljuge i sving på museet. Dei bakar i eldhuset, smir i smia, syr bunadar i Nestandestugu og syner fram anna husflidsarbeid i Bellestugu.

### **Villreinutstillinga**

I kjellaren på nybygget treff du to utstoppa rein og ei stor utstilling om dei rike tradisjonane for jakt og fangst av rein i Nord-Gudbrandsdalen. Frå isen forsvann og til i dag, har folk frå Lesja søkt til fjellet for å fange villreinen. Både skinn, bein og kjøtt frå dyra var livgjevande varer for folk som budde her.

### **Aurtandefeltet**

Gravfelt frå folkevandringstid og fram til vikingtid, tilrettelagd med stigar og informasjon.

### **Sagelva vasskraftsenter.**

Sjå eiga omtale.

### **Lorkverna.**

Sjå eiga omtale

### **Lesjaverk gard/Lesja jernverk.**

Sjå eiga omtale.

### **Dovre og Lesja krigsminnesamling.**

Foreinga har i mange i mange år samla gjenstandar og dokumentasjon knytt til andre verdskrigen. Utstilling ved Jora miljøstasjon i Dovre.

### **Dalsida kultur- og naturstig.**

Natur- og kulturstigen på Dalsida tek deg med på vandring gjennom ei rik naturfagleg og spennandekulturhistorie frå dette fjellområdet. Den syner korleis menneske og dyr har levd i samspel med omgjevnadene for å nytte naturressursane opp gjennom tidene.

### **Skulemuseet, Lesjaskog**





#### 4.16 Register over kulturminne omtalt i Lesja historielag sitt årsskrift

Gjennom åras løp er det i Lesja historielag sitt årsskrift forfatta 710 artiklar om forhold i Lesja. Dette er eit stort tilfang av kunnskap om kulturminne og lokalhistorie i Lesja. Ei samanstilling etter tema er gjort i tabell 9.

Tabell 9. Samanstilling etter tema, 710 artiklar, Lesja historielag sitt årsskrift. (Gjort av Lesja historielag)

| Tema                                    | Artiklar (på tal) |
|---|-------------------|
| Andre verdskrig                         | 34                |
| Barndomserindringar                     | 22                |
| Biografi, personomtale, slekt           | 70                |
| Buer i fjellet                          | 9                 |
| Busetnadshistorie                       | 5                 |
| Butikkar                                | 9                 |
| Bygdebok for Lesja                      | 7                 |
| Bygningar og buplassar                  | 9                 |
| Dikt og prologar                        | 34                |
| Dokument, brev og dagbøker              | 28                |
| Fjellvandring, jakt og fiske            | 12                |
| Fortidsminne, oldfunn                   | 9                 |
| Handverk, kunsthandverk                 | 12                |
| Helsestell og sjukdom                   | 10                |
| Hushaldning, mat og drikke              | 9                 |
| Idrett og leik                          | 9                 |
| Kraftutbygging, Aura-anlegget           | 3                 |
| Kverner – sager – stamper               | 17                |
| Kyrkjer og kyrkjekunst                  | 14                |
| Lag og organisasjonar                   | 22                |
| Landbruk                                | 28                |
| Lesja bygdemuseum – Gudbrandsdalsmuseet | 36                |
| Lesja historielag – arrangement m.v.    | 30                |
| Lesja historielag – markdagar/turar     | 26                |
| Lesja historielag – årsmeldingar        | 27                |
| Lesja jernverk                          | 13                |
| Lorkverna                               | 13                |
| Minneord                                | 8                 |
| Minnesmerkje                            | 15                |
| Natur og naturkatastrofer               | 7                 |
| Næringar og næringsutvikling            | 15                |
| Offentleg styre og stell                | 9                 |
| Rosemåling, treskjering og billedkunst  | 23                |
| Samferdsel                              | 29                |
| Setrer og setring                       | 9                 |
| Skule og opplæring                      | 9                 |
| Språk – stadnamn, dialekt               | 12                |
| Tradisjonar - skikk og bruk             | 11                |
| Tru og overtru                          | 4                 |
| Utvandring – utflytting                 | 18                |
| Ulykker                                 | 14                |
| Vers, gåter og rim                      | 10                |



#### 4.19 Skriftelege kjelder, foto, imatrielle kulturminne m.m.

Det finst eit utal bøker, artiklar, foto og filmar av kulturhistorisk verdi for Lesja.

To døme på skriftleg materiale er:

- Synstbø-dagbøkene.
- Ola O. Mølmens dagbokoppteignelser.

Ein må ein t.d. nemne lydband med opptak av Johs. O. Einbu sine intervju med ulike personar om krigen. Vidare lydband med opptak av Olaf Heitkøtter sine intervju med gamle jegerar.

Det eksisterr eit stort fotoarkiv etter arbeidet med bygdeboka. **Lesja kommune eig filene**, men dei er arkivert hjå Snøhetta forlag. Fotoa kan ulike opphavsrett. **Gudbrandsdalsmusea** bør overta arkivet, og gjera det tilgjengeleg for publikum.

Andre typar immatrielle kulturminne frå Lesja kan vera:

- Språk, dialekt.
- Stadnamn.
  - Oppgåve etter Sigurd Nordlie , blir arbeid med å legge stadnamna inn database til Språkrådet.
  - Prosjekt i regi av hytteeigarforeining på Dalsida.
- Kunst, rosemåling, treskjering, smedarbeid, kakejern.
- Bøker og rapportar frå Lesja.

I tabell 10 og 11 er det gjeve att ein oversikt frå Rolf Sørungård over eit utval av tilfanget av bøker og rapportar om kulturminne i Lesja.

Tabell 10. Bøker om kulturminne i Lesja. (Oversikt frå Rolf Sørungård.)

|   |  |
|---|--|
| Avdem, Anna Jorunn (1984)                           | <i>... gjort ka gjerast skulle</i> Om arbeid og levekår for kvinner på Lesja ca. 1910-1930 |
| Avdem, Anna Jorunn (1985)                           | <i>Oppe først og sist i seng</i> husarbeid i Norge fra 1850 til i dag                      |
| Bentdal, Gunnar m/fl. (2012)                        | <i>«En himmelrommets fyrvokter» Sigurd Einbu</i>   |
| Berg, Lars (1953)<br>(Forlaget Norske Gardsbruk)    | <i>Norske Gardsbruk</i> Bind X, Oppland fylke II   |
| Einbu, Per og Arnfinn Kjelland (1988)               | <i>Setrane i Lesja</i> i teikningar og tekst   |
| Einbu, Sigurd og Ola Skotte (1947)                  | <i>LESJA</i> Litt frå den kommunale saga 1838-1938, og ymse anna                           |
| Engen, Arnfinn (2009)                               | <i>Skysstell og skysstasjonar i Gudbrandsdalen</i>   |
| Finstad, Asmund (1974)<br>(Utgjeve av Lesja Ysteri) | <i>Lesja Ysteri 50 år 1924 – 1974</i>  |
| Heitkøtter, Olaf (1981)                             | <i>Villrein og villreinjakt</i>  |
| Heitkøtter, Olaf (1994)                             | <i>Vernetanker i vassdragsnatur</i>  |
| Heitkøtter, Olaf (2004)                             | <i>Et liv i norsk natur</i>  |
| Haarstad, Gustav (1991)                             | <i>Torbudalen</i>  |
| Høgbrenna, Audun (1999)                             | <i>Tømmerfløyting i Gudbrandsdalen</i>   |



|   |   |
|---|---|
| Jordhøy, Per (2001)<br>(Villreinutvalget for Snøhettaområdet)                               | <i>Snøhettareinen</i>   |
| Jordhøy, Per (2005)   | <i>Lesjaleira – landskap og fugleliv</i>  |
| Jordhøy, Per (red.) (2014)<br>(Villreinutvalet Ottadalsområdet)                             | <i>Reinheimen og Breheimen</i> Frå pil og boge til lasso og gevær                   |
| Kjelland, Arnfinn (1987-1986)<br>(Utgjeve av Lesja kommune)                                 | <i>Bygdebok for Lesja I – III</i> Gards- og slektshistorie                          |
| Kjelland, Arnfinn og Tor Einbu (2008)<br>(Utgjeve av Lesja kommune og Snøhetta forlag a.s.) | <i>Bygdebok for Lesja IV</i> Foto og fotografering i Lesja og av lesjingar          |
| Kleiven, Ivar (1923)  | <i>Lesja og Dovre</i> Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen                            |
| Lesja Bondekvinnelag (1995)<br>(Redaktør Bjørg Nordset)                                     | <i>Mat frå gard og grend</i>  |
| Lesja Sokneråd (1999)<br>(Redaktør Olav Lia)  | <i>Lesja kyrkje 1750 – 2000</i>   |
| Lesjaskog Menighetsråd (1997)<br>(Redaktør Audun Einbu)                                     | <i>Lesjaskog Kyrkje 300 år 1697 - 1997</i>  |
| Lunde, Jon Vegard (1982)  | <i>Det var ei rar tid</i> Hjemmefronten i Gudbrandsdalen 1940-45                    |
| Meyer, Johan (1918, ny 1987)<br>Bind  | <i>Fortids kunst i Norges bygder</i><br>Gudbrandsdalen IV, Lesje og Lesjeskogen     |
| Michell, Thomas (1886)<br>(Oversatt av Tone Formo)  | <i>Den skotske ekspedisjonen til Norge i 1612</i><br>Del II – Folkelige tradisjoner |
| Mølmen, Øystein (1986)<br>(Utgjeve av Lesja kommune)  | <i>Jakt og fangst i Lesja, frå dyregrav til gevær.</i>                              |
| Mølmen, Øystein (red.) (1991)<br>(Villreinutvalet Ottadalsområdet)                          | <i>Ottadalsreinen</i> Fra pil og bue til lasso og gevær                             |
| Nilsen, Knut A. (1979)  | <i>Heinkel savnet over Lesja</i>  |
| Nordset, Bjørg (2016)<br>(Utgjeve av Lesja historielag)                                     | <i>Kakejern</i>   |
| Normann-samlinga (1994)<br>(Rauma kulturstyre)  | <i>Raumabana</i>  |
| NSB (1958)  | <i>Sluttrapport for Raumabanen – jernbaneanlegget</i><br>Dombås – Åndalsnes.        |
| Nørstegård, Tor (2008)  | <i>Ragnvald Einbu</i> Multikunstner og bestefar                                     |
| Schøning, Gerhard (1926)<br>(optrykk Tapir 1980)  | <i>Reise som gjennom en deel af Norge i de aar</i><br>1773,1774, 1775 ....          |
| Skotte, Ola (1963)  | <i>Lesja Sparebank gjennom 100 år</i> 1863 – 1963                                   |
| Teigum, Ivar (2014)<br>(Gudbrandsdalsmusea)   | <i>Utveggar til vatn</i> Beretning om ein knapp ressurs                             |
| Ulateig, Egil (2007)  | <i>Stjerneskudd</i> Ola Plassen 1907 - 1930   |



|                      |   |
|----------------------|---|
| Ulateig, Egil (2010) | <i>I hjartet av Norge</i> Fjellriket Dalsida                        |
| Ulateig, Egil (2014) | <i>Krigen fra himmelen</i> Fallskjermangrepet mot Dombås april 1940 |

Tabell 11. Fagrapportar o.l. om kulturminne i Lesja. (Oversikt frå Rolf Sørungård.)

|   |  |
|---|--|
| Alterskjær, Kurt (1978)<br>Aursjøen, Lesja kommune m.m.   | <i>Arkeologisk forprosjekt 1978</i>  |
| Bergstøl, Jostein og Gaute Reitan (2008)<br>(Historisk tidsskrift , bind 87 s. 9-27)                              | <i>Samer på Dovrefjell i vikingtiden</i>   |
| Christensen, Arne Lie (1980)<br>Verneplan for vassdrag, Riksantikvaren  | <i>Kulturminner i Joravassdraget</i>   |
| Christensen, Arne Lie (1982)<br>Kulturminner ved Jora/øvre del av Lågen.  | <i>Et seterbrukslandskap i Nord-Gudbrandsdalen.</i>  |
| Fylkeskonservatoren i Oppland (1984)  | <i>Gamle hus i Lesja. (Sefrak.)</i>  |
| Hofseth, Ellen Høygård (1981)   | <i>Kulturminner i Joravassdraget, Oppland. Verneplan for vassdrag, U.O.</i>                                      |
| Holte, Arvid (1979)<br>Et konfliktfylt forsøk på interkommunal tamreindrift utenfor reinbeitedistrikt             | <i>A/L Trio Tamreinlag, 1954 – 1964</i>  |
| Gjøstein Resi, Heid og Einar Østmo (2009)<br>(Særtrykk frå Årbok for Gudbrandsdalen 2009)                         | <i>Et funneventyr ved Aursjømagasinet (Arkeologi)</i>  |
| Klubbenes, Eivind og Heid Gjøstein Resi<br>(Universitetets Oldsaksamling)   | <i>Registrering: Steinalderlokalitet i grustak ved Gautsjøen</i>   |
| Kulturhistorisk Museum UiO (2006)<br>(Gaute Reitan) Aursjøprosjektet  | <i>Rapport arkeologisk utgraving<br/>Samiske ildsteder fra vikingtid/middelalder og boplasser fra brosealder</i> |
| Kulturhistorisk Museum UiO (2007)<br>(Jostein Bergstøl)   | <i>Rapport arkeologisk utgraving<br/>Aursjøprosjektet: Fangstgroper</i>  |
| Kulturhistorisk Museum UiO (2007)<br>(Eva Schaller Åhrberg)   | <i>Rapport arkeologisk utgraving<br/>Aursjøprosjektet: Steinbrukende tid ved Gautsjø og Grynningen</i>           |
| Mølmen, Øystein (1975)  | <i>Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen felt 8. Fanst og jakt på villrein</i>                 |
| Mølmen, Øystein (1978)<br>(Utgjeve av DVF Viltforskningen) En registrering av fortidsminner .....                 | <i>Villreinen i Snøhetta-feltet</i>  |
| Mølmen, Øystein (1998)<br>Aprildagene 1940  | <i>Krigshandlingene i Lesja</i>  |
| Oppland Fylkeskommune (1998)<br>(Redaktør Bjørn Casper Horgen)Fagrapport Kulturminne og kulturlandskap            | <i>Fylkesdelplan Dovrefjellområdet</i>   |
| Oppland Fylkeskommune (2007)<br>(Hilde Amundsen, Anne Engesveen & Espen Finstad) Arkeologisk registreringsrapport | <i>Aursjøenprosjektet 2006</i>   |



|   |   |
|---|---|
| Oppland Fylkeskommune (2008)<br>(Espen Finstad) Miljøovervåking og<br>FoU-utredning     | <i>Aursjøenprosjektet 2006</i>  |
| Oppland Fylkeskommune (2015)<br>(Redaktør Henriette Aasen)                              | <i>Kulturminneregistrering i Hjerkinnskytefelt</i>  |
| Skaug, Terje (red.) (2013)<br>(Opplysningsvesenets fond) Prestegarden<br>gjennom 200 år | <i>Lesja prestegard</i>   |
| Skotte, Ola (1961)  | <i>Lesja og Dovre Branntrygdslag 1861 - 1961</i>  |
| Standal, Ragnar (1996)<br>(Hjørundfjord Sogelag) Fjelleier på<br>Sunnmøre og i Romsdal  | <i>Vegar før vegar var II</i>   |
| Stene, Erna (1983)<br>(UiO, Oldsaksamling)  | <i>Kulturminner ved Jori, Dalsiden, Lesja, Oppland.</i>   |
| Sæland, Jon (1910)  | <i>Nordre Gudbrandsdalen</i> Beretning om en<br>undersøkelsesreise, bekostet av Selskapet til<br>Emigrasjonens innskranke |
| Vogt, David m/fl. (2013)<br>(Kulturhistorisk museum)                                    | <i>Helleristninger fra Hedmark og Oppland.</i>  |
| Hole, Runar (2013)  | Massefangstanlegg for villrein. Mastergardsoppgåve<br>i arkeologi.  |



## 5 Vekting av lokalt verneverdige kulturminne i Lesja

Det blir lagt til grunn at automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne og kulturminne knytt til Raumabana blir forvalt av andre ansvarlege forvaltingsorgan.

Jf. kap. 2 og bestilling frå Oppland fylkeskommune, og datasett som skal leggest i databasen Askeladden.

I tabell 12 er det gjort ei vekting av kulturminne omtalt i plandokumentet, og vidare gjort ei prioritering i tabell 13. Rangeringa er gjort etter innstilling frå referansegruppa.

Tabell 12. Tematisk kommunedelplan for kulturminne – vekting av kulturminne

| Vekting  | Liten verdi | Middels verdi   | Stor verdi                    | Svært stor verdi                              |
|--|-------------|---|-------------------------------|---|
| - Kulturminnet representerer faser med særlig betydning for historien/utviklingen  |             |   |                               |   |
| - Kulturminnet er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien  |             |   |                               | Lesja jernverk                                |
| - Kulturminnet er knyttet til hendelser eller begivenheter med særlig betydning for historien  |             | Ulike flydropp.<br>Restar etter anlegg ved Aura.<br>Russerhola. | Forsvarsverk i Kjøremsgrenda. | Stuguflotten hotell.                          |
| - Kulturminnet er knyttet til personer med særlig betydning for historien  |             |   |                               |   |
| - Kulturminnet er av særlig betydning for en eller flere etniske grupper (den samiske urbefolkningen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)<br>- Kulturminnet har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi |             |   |                               | Samisk kulturminne i Dalsida statsallmenning. |



|  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|
| - Kulturminnet har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlig kilder |  |  |  | Lesja historielag sine årsskrift.<br><br>Bygdebok for Lesja.<br><br>Fotoarkiv frå bygdebokarbeidet.<br><br>Dokumentarkiv frå bygdebokarbeidet. |
| - Kulturminnet har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping                        |  |  | Sagelva vasskraftsenter<br><br>Lorkverna<br><br>Lesjaverk gard, kraftverk.<br><br>Lesjaverk gard, klekkeri<br><br>Lesjaverk gard, sagbruk. | Lesja bygdemuseum.   |
| - Kulturminnets alder og type utløser juridiske virkemidler på nasjonalt plan, se kulturminneloven         |  |  |  | Lesja jernverk<br>Stuguflothen hotell.   |



## 6 Prioritering og handlingsprogram

Den tematiske kommunedelplanen for kulturminne skal bli rullert hvert fjerde år.

Handlingsprogrammet skal opp til vurdering/ajourføring hvert år.

I tabell 13 er det vist ei prioritert liste over kulturminne, med forslag til tiltak.

Tabell 13. Tematisk kommunedelplan for kulturminne - liste over prioriterte kulturminne i Lesja

| Prioritet                       | Objekt   | Tiltak  |
|---------------------------------|--|---|
| 1                               | Stuguflotten hotell  | Arbeide for fredning og restaurering i samarbeid med eigaren.   |
| 2                               | Lesjaverk gard, masovn frå Lesja jernverk, kraftverk, klekkeri, sagbruk, kvern, pumpehus | Fredning av masovnen. Organisering og sikring av midlar til drift og vedlikehald.   |
| 3                               | Gruvene i Gruvlie  | Sikre gruvene mot ulykker. Rydde, merkje og sette opp informasjonstavler.   |
| 4                               | Sagelva vasskraftsenter  | Framhald i drift og vedlikehald v. Brøste Stueflotten kulturlag. Fullføre arbeidet med reguleringsplanen.   |
| 5                               | Lorkverna  | Framhald i drift og vedlikehald v. Lesja historielag. Fullføre arbeidet med reguleringsplanen.  |
| 6                               | Gruvedrift på Dalsida  | Rydde, merkje og sette opp informasjonstavler.  |
| 7                               | Forsvarsverk i Kjøremsgrenda – ulike objekt, jf. vedlegg Notat - krigsminne              | Rydde, merkje og sette opp informasjonstavler.  |
| 8                               | Fotoarkiv – Lesja bygdebok   | Samle fotoa i arkiv på Gudbrandsdalsmusea. Identifisere og indeksere foto.  |
| 9                               | Utvalde eldre stigar og vegfar   | Rydde, merkje og sette opp informasjonstavler.  |
| 10                              | Samiske kulturminne  | Auke kunnskapen gjennom:<br>- Kildestudier – lokalhistorisk stoff, historie om reinselskapene, muntlige fortellinger.<br>- Registreringer – arkeologiske registreringer med fokus på samiske kulturminner fra eldre og nyare tid. |
| Uprioriterte kulturminne/tiltak | Lesja historielag sine årsskrift   | Skanne (digitalisere) og indeksere alle artiklar. Arbeidet pågår i regi av Nasjoalbiblioteket.  |





|  |  |  |
|--|--|--|
|  | Formidling   | Ta i bruk nettstaden lokalhistoriewiki.no (heretter lw) til, på sikt, å registrere alle slike kulturminne under kategorien «Lesja kommune» |
|  | Bombekrater på Lesja og Lesjaskog  |  |
|  | Flystyrt - lokaliteter frå andre verdenskrigen                                   |  |
|  | Ulike minnesmerkje   |  |
|  | Blakar   |  |
|  | SEFRAK-registrerte bygningar   |  |
|  | Vatningsanlegg og vassvegar  |  |
|  | Russerhola – kvileplass for russiske krigsfangar, jf. vedlegg Notat - krigsminne | Rydde, merkje og sette opp informasjonstavler.   |

## Kjelder

Lokalhistoriewiki.no

[Den «gamle kongeveg» gjennom Lesja](#)

[Gautsjøulykka 25. september 1941](#)

Andre lenker

<https://digitaltmuseum.no/search/?aq=place%3A%22Jora+bru%22>

## Litteratur

- [Berg, Per S.](#), 1983-85. Lesja jernverk. Lesja historielag sitt årsskrift.
- Dahl, Hans-Jacob, 2014. Spor etter Olav den hellige i Lesja. Lesja historielag sitt årsskrift.
- [Engen, Arnfinn](#), 2009. Skysstell og skysstasjonar i Gudbrandsdalen. Bruket forlag.
- [Høgbrenna, Audun](#), 1999. Tømmerfløyting i Gudbrandsdalen
- [Kjelland, Arnfinn](#). *Bygdebok for Lesja* bd. 1-3, avsnitt om samferdsla i grendehistoriekapittel i kvart bind. På innsida av permene i kvart bind er det utsnitt av «Kart over Postveien fra Gaarden Dombaas i Lessøe i Gulbrandsdalen til Molde og Christiansund. Oppmaalt Aar 1823». Originalen ligg i [Riksarkivet](#).
- Kjelland, Arnfinn. Årskrift 1989, Lesja historielag.
- [Jordhøy, Per](#), 2005. Lesjaleira – landskap og fugleliv. Snøhetta forlag.
- [Kleiven, Ivar](#) 1923: *Lesja og Dovre* s. 84-105.
- [Mølmen, Øystein](#): 1986: Jakt og fangst i Lesja. Lesja kommune.
- [Rauma kulturstyre](#), 1994: Raumabana.
- [Reitan, Gaute](#), 2006: Aursjøprosjektet Boplassfunn: samiske ildsteder fra vikingtid/middelalder og boplasser fra bronsealder, Dalsida statsalm., gbnr 156/1, Lesja kommune, Oppland. Kulturhistorisk museum.
- [Thuesen, Gunnar](#), 1977: Noen norske jernverker. Jernkontorets Berghistoriska Utskott.
- [Ulateig, Egil](#), 2010: I hjartet av Norge Fjellriket Dalsida. Lesja kommune.
- [Voldheim, Kjell R.](#), 2018: Bergverksminner i Lesja. Gudbrandsdalsmusea.



- Liste over fredete, vernede og verneverdige baner, miljøer og objekter i jernbanen 7. utgave - ajourført pr 1. april 2015

## **Vedlegg**

Vedlegg 1, Opplysingar om vegfar, kveldsseto Lesja historielag, 08.02.18.

Vedlegg 2 Opplysingar om bruer, kveldsseto Lesja historielag 08.02.18.

Vedlegg 3 Notat – krigsminne

Vedlegg 4 Notat – andre kulturminne

Vedlegg 5 Artiklar i Årboka fordelt på emne, pr. 22.05.18

Vedlegg 6 Synfaring Stuguflothen hotell 08.10.18 – oppsummering

Vedlegg 7 Drivingsvegar for beitedyr.

Vedlegg 8 Pilegrimsleia Valldal – Fokstugu.